



Budsjett 2020-
Økonomiplan
2020 – 2023
Osterøy
Kommune

Vedteke i heradsstyre
11.12.19

Budsjett 2020 Osterøy Kommune

Innhold

Innleiing frå rådmann.....	3
Inntekter - statsbudsjett	5
Kommunen som arbeidsgjevar.....	10
Helse, Sosial og Omsorg	12
Oppvekst, Undervisning og Kultur.....	18
Samfunnsutvikling.....	32
Rådmann og stab.....	<u>38</u>
Investeringer	41
Tabeller 1A og 1B	48

1 Innleiing frå Rådmann

Rådmann legg med dette fram budsjett for 2020 og økonomiplan frå 2021 til 2023.

Budsjettarbeidet denne gongen har vore særskild krevjande. Eg veit at dette har dei høyrte før. Kvart år er det vanskeleg å saldera budsjettet og kvart år grev vi på botnen av pengekiista etter dei siste kronene for å klara å sy i hop budsjettet. I år var ikkje dette nok. Budsjettet som no vert lagt fram er difor ikkje saldert, og vi jobba vidare for å finna ei saldering fram til endeleg vedtak i desember.

Det er ei pedagogisk utfordring å forklara at vi slit med å saldere budsjettet når vi nokre månader før gjekk ut med relativt stort overskot.

Går vi tilbake og studerer rekneskap 2018 gjekk ikkje drifta i balanse. Dette vart diverre kamuflert av di vi samla sett hadde store meirinntekter. Vi hadde isolert sett eit meirforbruk på sektorane, men inntekter frå havbruksfond og skatteinntekter ut over det som var budsjettert redda eit overskot i rekneskapen.

I budsjettet for 2019 la vi inn den prognosa på skatt og rammetilskot som låg til grunn i vedteke statsbudsjett. At skatteinngangen i Noreg var vesentleg høgare enn det som låg til grunn i statsbudsjettet kunne vi ikkje spå og heller ikkje budsjettera med.

Det er særleg tre faktorar som gjer at budsjettarbeidet vert opplevd som særleg vanskeleg i år:

- Lønsoppgjeret våren 2019 vart høgare enn det som reelt er gitt kompensasjon for i statsbudsjettet. Særleg tilegga for ukomfortabel arbeidstid har gjort at lønsoppgjeret vart dyrt.
- Det er ingen fleksibilitet i ramma for skule og barnehagebudsjetta grunna bemanningsnormer og reglar for lærartettleik. Relativt mange private skular gjer og at vi får ein lite effektiv skulestruktur og utnyttar dårleg kapasiteten i dei kommunale skulane.
- Utgiftene til helse og omsorgstenester veks langt meir enn løns og prisvekst. Dette vert ikkje kompensert i overføringane frå staten sjølv om veksten skuldast individuelle rettar til tenester.

Då vi handsama budsjett for 2019 klarte vi heller ikkje å saldera dette med frie inntekter. Heradstyret vedtok å saldera budsjettet med bruk av disposisjonsfond. Dette grunngav vi med at det ville ta tid å få effekt av dei tiltaka vi hadde lagt inn for å redusera utgiftene.

Ny kommunelov set krav til ei sunn og realistisk langsiktig økonomiforvaltning i kommunen. Budsjettet som no er langt fram stettar på ingen måte krava i kommunelova.

Dei kutta vi har gjort framlegg om går ut over både kvalitet og kvantitet på tenestene. Innsparingane kjem til å merkast. Det som er lagt inn er likevel ikkje nok til å saldera budsjettet og utfordringa vert skuva framfor oss inn i 2021. Utviklinga er ikkje god og heller ikkje berekraftig på sikt.

I Osterøy har vi gode kommunale tenester på dei fleste områder. Likevel er det områder der vi leverer for dårleg. Dette budsjettet vil diverre ikkje retta på det. Budsjettet gir heller ikkje rom for nye tiltak utan det som er pålagt gjennom lov og forskrifter.

Administrasjonen arbeider med fleire innsparingstiltak enn det som kjem fram i dette dokumentet. Tiltaka må drøftast i politiske organ før de eventuelt kan innarbeides i budsjettet. Nokre av tiltaka er meir langsiktige tiltak som ikkje gir innsparing i 2020.

§ 14-1.Grunnleggande krav til økonomiforvaltinga

Kommunar og fylkeskommunar skal forvalta økonomien slik at den økonomiske handleevnen blir ivaretatt over tid.

Kommunar og fylkeskommunar skal utarbeida samordna og realistiske planar for eiga verksemd og økonomi og for lokalsamfunnets eller regionens utvikling.

Kommunar og fylkeskommunar skal forvalta finansielle middel og gjeld på ein måte som ikkje inneber vesentleg finansiell risiko, mellom anna slik at betalingsforpliktingar kan innfriast ved forfall.

§ 14-4.Økonomiplan og årsbudsjett

Økonomiplanen skal visa korleis langsiktige utfordringar, mål og strategiar i kommunale og regionale planar skal følgjast opp.

Økonomiplanen og årsbudsjettet skal visa kommunestyrets eller fylkestingets prioriteringar og løyvingar og dei måla og premissane som økonomiplanen og årsbudsjettet bygger på. Dei skal òg visa utviklinga i kommunens eller fylkeskommunens økonomi og utviklinga i gjeld og andre vesentlege langsiktige forpliktingar. Vedtaket om årsbudsjett skal angi kor mykje lån som skal takast opp i budsjettåret.

Økonomiplanen og årsbudsjettet skal setjast opp i balanse og vera realistiske, fullstendige og oversiktlege.

Økonomiplanen skal delast inn i ein driftsdel og ein investeringsdel. Årsbudsjettet skal delast inn i eit driftsbudsjett og eit investeringsbudsjett og stillast opp på same måte som økonomiplanen.

Økonomiplanen kan inngå i eller utgjera kommuneplanens handlingsdel etter plan- og bygningslova § 11-1 fjerde ledd.

Departementet kan gi forskrift om løyvingsoversikter, økonomiske oversikter og oversikter over utviklinga i gjeld.

§ 14-5. Årsbudsjettets bindande verknad. Budsjettstyring

Årsbudsjettet er bindande for kommunestyret, fylkestinget og underordna organ. Første punktum er ikkje til hinder for at kommunestyret eller fylkestinget kan gi eit underordna organ autoritet til å avgjera at delar av ei løyving i driftsbudsjettet skal nyttast til å finansiera utgifter i investeringsrekneskapen. Første punktum gjeld ikkje for utbetalinger som kommunen eller fylkeskommunen har ei rettsleg plikt til å gjera.

Kommunestyret eller fylkestinget skal endra årsbudsjettet når det er nødvendig for å oppfylle kravet til lova om realisme og balanse.

Kommunedirektøren skal minst to gonger i året rapportera til kommunestyret eller fylkestinget om utviklinga i inntekter og utgifter, sammenholdt med årsbudsjettet. Viss utviklinga tilseier vesentlege avvik, skal kommunedirektøren foreslå endringar i årsbudsjettet.

Viss årsrekneskapen blir lagd fram med eit merforbruk i driftsrekneskapen, skal kommunedirektøren foreslå endringar i årets budsjett. Saka skal behandlast av kommunestyret eller fylkestinget seinast 30. juni.

Inntekter - statsbudsjett

Lovgrunnlaget for årsbudsjett er å finne i kommunelova §§ 45 – 47.

Årsbudsjett 2020 for Osterøy kommune er utarbeidd på grunnlag av vedteken økonomiplan 2019 – 2022. Planen vert lagt til grunn for sektorane sine rammer for 2020.

Statsbudsjettet som vart lagt fram 7. oktober synte ein vekst i frie inntekter for Osterøy som ligg under venta løns og prisvekst. Nye tiltak må difor finansierast ved omdisponering og omprioritering innan eksisterande rammer. I tillegg må drifta ned justerast i alle sektorar.

Budsjett 2020 Osterøy Kommune

Kommunen sin legitimitet ligg i dei oppgåvene vi skal løyse. Det er difor vesentleg at vi har ei felles forståing av kva oppgåver vi skal løysast? Korleis skal dei løysast? Kor tid skal det gjerast, og ikkje minst kvifor skal vi løyse desse oppgåvene?

Budsjettet skal gi svar på kva oppgåver som skal løysast i 2020. Vidare skal budsjettet seie noko om kva kvalitet vi kan leggje til grunn, altså korleis oppgåvene kan løysast.

Frie og bundne inntekter

Frie inntekter består av rammetilskot, skatteinntekter (frå private og føretak), eigedomsskatt, momskompensasjon og andre ikkje øyremerkte tilskot. Frie inntekter utgjør hovudfinansieringskjelda for driftsrammene. Kommunen rår fritt over desse inntektene, men må sjøvsagt forholde seg til lovar og regelverk.

Dei bundne inntektene er hovudsakleg øyremerkte tilskot, gebyr og eigenbetalingar. Desse inntektene er knytt til spesifikke tenester i kommunen.

Skatt og rammetilskot

Skatt og rammetilskot utgjør 91,5 % av inntektene til Osterøy kommune. Anslag på inntekter frå skatt og rammetilskot tar utgangspunkt i dei føresetnader som regjeringa legg til grunn i statsbudsjettet.

Økonomiplan

Følgjande vert lagt til grunn i økonomiplan for 2020 til 2023.

	R 2018	B 2019	ØP 2020	ØP 2021	ØP 2022	ØP 2023
Skatt /ramme	434 967	440 900	462 200	464 500	465 500	466 700
Havbruksfond	12 900	-	12 900	750	7 000	750
Eigedomsskatt	25 490	31 045	32 238	32 238	32 238	32 238
Andre inntekter	3 309	3 300	3 300	3 300	3 300	3 300
Netto finansutgifter	- 24 691	- 31 600	- 31 900	- 36 400	- 41 150	- 46 050
Netto avsetjing	250	5 514	-	-	-	-
sum	452 225	449 159	478 738	464 388	466 888	456 938

Utvikling folketal

Inntektene frå skatt og rammetilskot vert påverka av folketalsutviklinga og endringar i folketalssamansetjing.

Folkemengda i Osterøy pr 01.07.2019 var 8 114 personar. Dette utgjør ei reduksjon på 0,2 % frå 01.07.2018. Folketalsutviklinga og endringane i demografien påverkar nivå på ramme- og skatteinntekter i 2019.

Foketalet pr 01.07.2019 ligg til grunn for utgiftsutjamning og innbyggjartilskot i 2020. For inntektsutjamninga i 2020 skal folketal pr 01.01.2020 nyttast. Det er lagt opp til ein auke i folketalet med 20 personar i åra framover.

Statsbudsjettet for 2020

Regjeringa sit framlegg for budsjett året 2020

Det er lagt opp til ein realvekst i dei frie inntektene for kommunane frå 2019 til 2020 2,2 prosent. Veksten er rekna frå inntektsnivået i 2019 som var lagt til grunn i revidert nasjonalbudsjett. Meirskatteinntektene kr 2,1 mrd. er med andre ord ikkje med i dette samanlikningsgrunnlaget frå 2019.

Frå 2019 til 2020 er det på landsbasis ein nominell vekst i kommunesektoren sine inntekter på 2.2 %. Den pårekna nominelle veksten for kommunane i Vestland Fylke er på 2,2% som er den same veksten som i kommunesektoren på landsbasis.

Osterøy kommune får samla ein nominell vekst i frie inntekter på 2,8 %.

Det er i rammetilskotet for 2020 innlemma fleire tilskot som før var øyremerkte.

Vi blir for 2020 trukket i rammetilskotet med 17,1 mill kr for dei elevane som går i private skuler.

Dei største tilskota som nå er i rammetilskotet :

Tilskot til psykologer i dei kommunale helse og omsorgstjenestene

Tilskot til dagaktivitetstilbod til heimebuande personar med demens

Tilskot til etablering og tilpassing av eigen bustad

Tilskot til tidleg innsats i skulen gjennom auka lærarinnsats på 1. -10.trinn

Tilskot som er øyremerkte går til fradrag i sektorene sine kostnader. Når desse midlane kjem i rammetilskotet i staden for er det viktig å vera klar over at framskrivingene i sektorene auker.

Ressurskrevjande tenester

Ordninga med øyremerkte tilskot for ressurskrevjande tenester gjeld for tenestemottakarar til og med det året dei blir 67 år. Utbetaling av tilskot til kommunane i 2020 er basert på direkte lønsutgifter i 2019 knytte til tenestemottakarar.

Det er lagt opp til følgjande for 2020:

- Kompensasjonsgraden blir vidareført med 80 prosent av netto utgifter ut over innslagsnivået.
- Innslagsnivået for å få kompensasjon blir auka per brukar frå kr 1,270 mill. til kr 1,361 mill. for netto utgifter i 2019. Det inneber ein auke på kr 50.000,- utover justering for pårekna lønsvekst i 2019 (3,2 prosent).
- Kompensasjonen som blir utbetalt frå staten til kommunane i 2020 skal kommunane inntektsføra i sine rekneskap for 2019. Kommunane skal inntektsføra den pårekna kompensasjonen i rekneskapen for det same året som utgiftene har vore.

Tilskot for psykisk utviklingshemma (16 år og eldre) i rammetilskotet blir trekt frå nettoutgiftene i berekningsgrunnlaget. Eventuelle statlege øyremerkte tilskot blir også trekt frå berekningsgrunnlaget.

Inntektssystemet 2020

Inntektsutjamninga er 60% av skilnaden mellom kommunane sitt skattenivå og gjennomsnittleg skattenivå. For kommunar som Osterøy med lagt skattenivå er tilleggskompensasjonen 35 % av det skattenivået som er under 90% av landsgjennomsnittet.

Pris og kostnadsvekst på kommunal tenesteyting

Ved utrekning av realvekst i kommunesektoren sine inntekter for 2019, vert det lagt til grunn ein pris- og kostnadsvekst i kommunal tenesteyting på 3,1 % frå 2019 til 2020. Dette byggjer mellom anna på eit anslag på lønsvekst på 3,6 % og ein prisvekst på varer og tenester på 2,2 %.

Skatteøyre

Det er i statsbudsjettet for 2020 ei målsetjing om at skatteinntekter for kommunane skal utgjere 40 % av dei samla inntektene i 2020. Det kommunale skatteøyret er difor endra frå 11,55 % i 2019 til 11,10 % i 2020.

Skjønstilskot for 2020

Skjønnsmidlar skal først og fremst brukast for å kompensere for utgifter kommunane har som i liten eller ingen grad vert fanga opp i det ordinære inntektssystemet. Osterøy kommune får 3,8 mill kroner i skjønn i 2020. Dette er ein reduksjon på

Budsjett 2020 Osterøy Kommune

200 000 kroner i høve til 2019. Det er budsjettert med 3,8 mill kr. skjønstilskot i heile økonomiplanperioden.

Verknad for Osterøy kommune

Tabellen nedanfor viser summen av tiltak i statsbudsjettet for 2020 som gir grunnlag for auke i frie inntekter. For Osterøy kommune er auken i frie inntekter 2,8 prosent.

	R 2018	B 2019	ØP 2020	ØP 2021	ØP 2022	ØP 2023
Skatt	194 818	202 418	206 899	207 405	207 910	208 416
Innbyggertilskudd	191 801	200 815	205 029	205 181	205 658	205 988
Utgiftsutjevning	- 4 094	- 2 703	3 027	4 559	4 477	4 741
Inntektsutjevning	40 181	39 825	40 577	40 677	40 777	40 877
Overgangsordning	5 676	885	- 437			
Særskild fordeling	1 660	1 888	3 305	2 878	2 878	2 878
Skjønstilskot	4 200	4 000	3 800	3 800	3 800	3 800
Budsjettendringer 2018		-				
Budsjettendringer 2019	339	- 261				
sum	434 581	446 867	462 200	464 500	465 500	466 700

Statsbudsjettet for 2020 syner ein vekst i frie inntekter for Osterøy kommune på 12,3 mill kroner. Dette skal finansiere løns og prisstigning, renteauke, satsingar regjeringa pålegg oss å gjennomføre, tilskot som før var øyremerkte samt prioriterte tiltak heradsstyret vedtek.

Eigedomskatt

Osterøy kommune har sidan 2017 brukt skattetatens boligverdi som grunnlag for å fastsetje eigedomskattegrunnlaget. Skattetatens bustadverdi er et anslag på bustadens markedsverdi bereknet ut i frå bustaden sitt areal , byggeår, bustadtype , beliggenhet og opplysninger om omsatte bustader i kommunen.

Kommunene har inntil i år redusert bolgverdien ved å multiplisere med 0,8. Frå 2020 må kommunene multiplisere med 0,7. Samme prinsipp må brukast på fritidseigedommer og landbruksbustader. Dette gir en lågere eigedomsskattetakst som gjer at inntektene frå eigedomsskatt blir lågere.

For å kompensere for dette inntektstapet er det i i budsjettet for 2020 budsjettert med ein auke i skattesatsen frå 4,15 promille til 5,0 promille. For næring vil skattesatsen framleis vere 7 promille.

Det er i statsbudsjettet for 2020 signalisert at maksimalsatsen vil vere 4,0 promille i 2021. I årene frå og med 2021 er det kalkulert med ein skattesats på 5,0 promille.

Kommunen som arbeidsgjevar

Arbeidsgjevarpolitikk

Kommunen skal vere ei profesjonell og utviklingsorientert organisasjon, med dyktige medarbeidarar og eit sterkt fokus på medarbeidaren som den viktigste ressursen vår. I inneverande planperiode skal det arbeidsgjevarpolitikken reviderast der ein arbeidar spesielt med områda, organisasjonskultur, leiing, medarbeiderskap, kompetansesamansetting og rolleavklaringar.

Leiarutviklingsprogrammet Dialog kafe omfattar alle einingar i kommunen og skal bidra til ein endringsdyktig, meistringsorientert, kompetent og resultatorientert organisasjon. Osterøy kommune skal leiast i samsvar med verdiane respekt, omsorg, tydeleg og ærleg.

Organisasjonen har i dei kommande åra behov for nye meir effektive løysningar, oppdatering og revidering, særleg innanfor arbeidsgjevarstrategi, organisasjonsplan, kompetanseplan, rekruttering, heiltidskultur og sjukefråvere.

IA-avtalen/sjukefråvær

Utviklinga i sjukefråværet har variert i 4 års i perioden frå 6,5% i 2015 til 7,9 i 2018. Fråværet i 2018 er det høgaste sidan 2012. Fråværet for 2019 var førebels 7,16% pr. 3 kvartal 2019. Fleire nye rettleiarar og reglement innanfor personaloppfølging har blitt utarbeidd dei siste åra og ein ser ei positiv utvikling i oppfølging av enkeltsakar.

Trenden er at det stort sett er dei same einingane som har eit høgt fråvær

IA gruppen jobber med tiltak kring vidare opplæring, rolleavklaring, IA årshjul og partsamansett samarbeid på einingane. Handlingsplan for planperioden knytter IA tydelegare opp mot meistringsorientert leiing, kultur og leiarutviklingsprosessane som blir jobba med i Dialogkafe. Ny IA avtale frå 2019 skal gi eit bransjeretta fokus og tydelegare oppfølgingstiltak i regi av NAV.

Opplæringstiltak

Organisasjonen har ikkje ei felles kompetanseplan. Sektorane gjer vurderingar av naudsynt kompetanseuke i sektoren. I helse omsorg og sosial følgjar dette av kompetanseplan i sektoren. Sektor oppvekst undervisning og kutlur defineres i

hovudsak etter og vidareutdanning etter føringar frå staten. I 2020 er det planlagt felles opplæringsstiltak som er retta mot alle sektor i kommunen innan

- Leiar og medarbeidarutvikling
- Gjennomføring av medarbeidarsamtaler
- Rekrutteringsarbeid
- Lovverk og fagspesifikke kurs
- Opplæring i IT system

I helse omsorg og sosial er det planlagt leiarutdanning ved høgskule/universitet for nye leiarar som ikkje har leiarfag som ein del av utdanninga.

I 2018 starta eit to-årig internt leiarutviklingsprogram i samarbeid med KLP prosjekt. Programmet tek utgangspunkt i 10 faktor medarbeidarundersøking, Dialog Kafè og medarbeidarsamtale satt i system. Arbeidet med medarbeiderundersøkelsen og 10-faktor verktøyet er sentralt i utviklinga og forbedring av medarbeiderskap. Utvikling av mestringsorienterte leiarar som er flinke til å gje retning (mål og rolleavklaring), meining og individuell merksemd skal bidra til utvikling av av godt medarbeiderskap. Leiarutviklingsprogrammet legg opp til dialog, refleksjon og eigentrening. Prosjektet skal evaluerast i andre kvartal 2020 og knyttast tydelegare saman med leiarutviklingsprosessar i leiargruppen og leiarforum

Leiarar og nøkkelpersonar skal gjennomgå opplæring i rekrutteringsarbeid innanfor lovverk, stillingsanalyse og gjennomføring av intervju.

Arbeid med prosjektstyring som blei starta i 2019 blir vidareført i 2020

Lærlingar

Osterøy vil pr. 01.01.2020 ha 8 løpande lærlingekontraktar fordelt på

- Helsefagarbeidar 7 stk
- Barne og ungdomsarbeidar 1 stk.

Det er sett av kr. 1.000.000,- i budsjettframlegget for 2020. Det er ei reduksjon på 174.808 frå 2019. Fleire ufaglærte i sektor helse omsorg og sosial tar fagbrev i helsefag som praksiskandidat.

4 sektor HELSE, OMSORG OG SOSIAL samla

Einingar	Revidert budsjett 2019	Framskrivning 2020	Innsparing 2020 /tiltak i kr	Budsjett 2020	%-vis innsparing
400 Felles helse, omsorg og sosial (sektorleiing, forvaltning)	3 124 000	3 417 000	250 000	3 167 000	7,3%
410 Helsetenester	24 718 000	26 961 000	1 371 900	25 589 000	5,1%
430 NAV sosial	10 697 000	13 044 000	650 000	12 394 000	5,0%
501 Osterøytunet	52 591 000	59 676 000	830 000	58 846 000	1,4%
502 Heimetenesta	36 753 000	41 844 000	100 000	41 744 000	0,2%
503 Psykisk helse og rusomsorg	14 368 000	15 113 000	295 000	14 818 000	2,0%
505 Bu- og avlastingstenesta	46 022 000	57 001 000	0	57 001 000	0,0%
4 Sektor helse, omsorg og sosial samla	188 275 000	217 058 000	3 496 900	213 562 000	1,6%

Dei viktigaste endringane i budsjett frå 2019 til 2020 med konsekvensar

Framskrivning av drifta i sektoren i 2020 er anslått til 217 058 994. Dette utgjer ca 28,8 mill meir enn det sektoren har hatt i budsjett for 2019.

17,5 mill er auke i brukarar med ressurskrevjande tenester, der vi ikkje får refusjon frå staten.

1,5 mill er auke i eigenandelen for ressurskrevjande tenester med refusjon.

1,5 mill er auke i pensjonskostnader for dei tilsette i sektoren.

Sentrale forhandlingar har gitt ein auke i helgetillegg på fleire millionar; berre på Osterøytunet har denne kostnaden auka med ca 1 mill.

Vi ser og fullårseffekt av eit godt sentralt lønsoppgjer i 2018.

1 mill er generell prisstigning.

Øyremerka psykologtilskot fell ut i 2020, det er dermed tilført sektoren kr 410 000 frå rammeoverføringane. Tilsvarande for Haldorvika (dagtilbod demente), kr 300 000.

Husbandmidlar er og flytta frå øyremerka tilskot til ramme, og utgjer ein auke i NAV sitt budsjett på ca 1 mill. NAV har og ein auke i sosialhjelpsutbetalingar, grunna fleire og dyrare brukarar (50% auke i vedtak).

Budsjett 2020 Osterøy Kommune

Sektoren har fått ansvar for koordinerende eining, 20% stilling, lagt til forvaltninga (helsetenester).

Sektoren har og overteke drift av kantina på rådhuset, med overføring av i overkant 50% stilling, lagt til kommunalt kjøkken, Osterøytunet.

I tillegg har vi oppretta merkantil stilling 30% for å bemanne resepsjonen på det nye Familie- og omsorgssenteret i Lonevåg. Sektor OUK har gjort tilsvarande i høve merkantil.

Vi arbeider framleis med å realisere nedtrekka for 2019 budsjettet, og har per november 2019 ikkje klart å samlokalisere dei to bufellesskapa på ein stad. Budsjettet føreset gjennomføring av samanslåing bufellesskapa på Reigstad og Haus, i Haus.

Kostra:

Sektoren har i fleire år lagt høgt på Kostra, der vi kan sjå korleis vi driftar samanlikna med andre kommunar. I tala for 2018 kan vi endeleg sjå at ressursbruken har gått ned. Vi ligg no under snittet på dei fleste nøkkeltala for kommunegruppe 10, som vi tilhøyrer. Dette er eit resultat av god innsats frå alle delar av sektoren dei siste par åra.

Til dømes har vi no lågare totalutgifter for kommunale helse- og omsorgsutgifter, og vi ligg lågare på netto driftsutgifter til omsorgstenester i prosent av kommunens samla netto driftsutgifter.

NAV sine tal viser at Osterøy ligg under snitt på både sosialhjelpsutbetalingar og lønsutgifter.

Vi ligg framleis noko høgare på kostnad per institusjonsplass (544 kr /døger). Det positive er at vi skårar 100% på tilbod om einerom, medan snittet i kommunegruppa ligg på 86,1%. Vi ser at utforminga av Osterøytunet med 9 eller 10 pasientar på kvar gruppe gir ei dårleg ressursutnytting på personalsida. Dette må vi ta med oss i arbeidet med å dimensjonere nye tenester i Omsorg+, som til dømes demenslandsby.

Avlastinga i Bu- og avlastingstenesta ligg og i same rekneskapet, og vi er ikkje i mål med optimal organisering av dette tilbodet. Dette dreg og ressursbruken opp.

Vi ligg monaleg lågare enn snittet i høve legedekning (1,5 årsverk mindre per 10 000 innbyggjarar), medan vi ligg rett over på fysioterapeutårsverk (0,7 årsverk meir per 10 000 innbyggjarar).

Innsparingar i budsjett 2020 med konsekvensar

Sektoren har vore gjennom store nedskjæringar med medfølgjande omorganisering dei siste to åra. Vi har ikkje klart å gjennomføre alle tiltaka som vart vedteke i budsjett for 2019. Ein ytterlegare reduksjon i rammene er vanskeleg å sjå for seg.

Tabellen over viser forslag til innsparingstiltak tilsvarande 3 496 900. Innsparingstiltaka må drøftast nøye før endeleg vedtak, og vegast opp mot dei alvorlege konsekvensane av tiltaka, sjå under.

400 Felles HOS

Lagt inn forventa *lågare sjukefråvære* i sektoren grunna kommunen si satsing på arbeidsmiljøtiltak effekt 2020: 100 000

Vi har budsjettert med *vakanser* i sektoren effekt 2020: 150 000

410 Helsetenester

Legge ned funksjon koordinerende eining effekt 2020: 150 000

Konsekvens: brot på lovverket. Klarer ikkje med dagens kapasitet på tenesta å sakshandsame meldingar om individuell plan (IP) og operasjonalisering av IP og brukarkoordinator. For brukar kan dette bety at dei ikkje får samkjørt sine tenester.

Legge ned desentralisert dagtilbod eldre – (årseffekt 180 000 sjåførtilmar, leige av lokale) effekt 2020: 90 000

Konsekvensar: får følgjer for 41 heimebuande brukarar. Det gjer større belastning på pårørande, tar vekk sosialt nettverk, hindrar aktiv deltaking i samfunnet og dermed meistring av eige liv, jf *Leve hele livet*. Dette kan føre til auka belastning på heimetenesta, auka bruk av fastlege og auka tal henvisningar til ergo-/fysioterapitenestene for å kompensere for behovet. I siste instans kan det føre til at brukarar tidligare må inn på avlastings-/korttidsopphald eller må ha langtids plass. Plasseringsbehov for tilsett.

Redusere tilsvarande eitt driftstilskot Osterøy fysioterapi (årseffekt 447 000) effekt 2020: 223 500

Konsekvens: Auke i ventelister: før ny heimel i 2018 låg gjennomsnittleg ventetid på 3-6 mnd, etter ny heimel har ventetida lagt på 2 veker til 3 mnd. Lengre ventelister vil føre til lengre sjukemeldingar, og auka press på andre tenester (til dømes heimetenester eller opphald ved Osterøytunet). Den enkelte arbeidsplass vil og ha utgifter dersom tilsette er lenge borte frå arbeid grunna lang ventetid for fysikalsk behandling. Kronikarar vil kunne oppleve nedsett livskvalitet, og det kan vere vanskeleg å prioritere barn dersom kapasiteten ved instituttet går ned.

Halde vakant nyoppretta legeheimel (400 000 i basistilskot, 72 000 driftsutgifter) effekt 2020: 472 000

Konsekvens: Kommunen vil ikkje kunne sørge for at personar som bur i kommunen og som ynskjer det, får tilbod om plass på fastlegeliste i kommunen.

Det betyr brot på *forskrift om fastlegeordning i kommunene*:

Det blir auke i gjesteinnbyggjaroppgjeret. Kommunen sine borgarar får eit fastlegetilbod som er mindre tilgjengeleg. Risikerar at gjenværande legar får høgare arbeidsbelastning, grunna auke i daglegevakthenvendingar.

Endring fastlegeavtale (årseffekt 872 879) effekt 2020: 436 440

Konsekvensar ved å endre avtale for fastlegane ved Lonevåg legekantor:

Det er stor risiko for å miste dagens legar ved Lonevåg legekantor ved å endre avtalen. Dette er ikkje ønskjeleg. Kommunen vil få mindre påverknadskraft på legetenesta. Det kan bli vanskelegare å rekruttere legar - det blei tydelig i tilsetningsprosessen som stranda med ny lege hausten 2018. Dersom ikkje legane ønskjer å tilsette hjelpepersonale på legekantoret i Lonevåg, har vi eit omplasseringsansvar for tilsette. Når vi samstundes foreslår å la ny heimel stå vakant, blir det færre legar å fordele kostnaden på. Dette kompliserer prosessen ytterlegare. Vi er i prosess med legane i dette arbeidet.

430 NAV Sosial

Redusere midlar til kvalifiseringsprogrammet effekt 2020: 650 000

Konsekvens: Med færre brukarar i kvalifiseringsprogrammet, får vi og fleire brukarar som i staden for å bli hjelpt til å mestre livet sitt, blir avhengig av langvarig økonomisk sosialhjelp. Tiltaket vil dermed gi ytterlegare dårleg økonomi på lengre sikt.

501 Osterøytunet

Kjøkkenet på Osterøytunet overtar drift av kantina på rådhuset, og vi foreslår dermed ikkje å legge ned kjøkkenet på Osterøytunet. Overtaking av årsverk gir derimot ein auke i budsjettet for kjøkken Osterøytunet, medan rådhuset får ei større innsparing her. Effekt auke i budsjett 300 000

Utsette oppstart ressurskrevjande 3 månader i 2020 i påvente av rekruttering – effekt 2020: 830 000

Konsekvens: medfører ulemper for brukar.

502 Heimetenesta

Ta bort stilling oppfølging av lærlingar 30% (årseffekt 200 000) effekt 2020: 100 000

Konsekvens: vil få store følger for framtidig rekruttering til helsefagarbeider og sjukepleiarar til kommunen. Stillinga har oppfølging av alle lærlingane i sektoren, og tiltaket vil dermed i tillegg få følgjer for Osterøytunet, Psykisk helse og rusomsorg og Bu- og avlastingstenesta. Dersom vi skal fortsette med lærlingar, men ikkje ha reell kapasitet til oppfølging, vil dette gi dårlege lærevilkår, og auka belastning på einingane. Omdømet til Osterøy kommune som framtidig arbeidsplass vert råka av tiltaket.

503 Psykisk helse og rusomsorg

Legge ned prosjekt Kommunalt rusarbeid effekt 2020: 200 000

Konsekvens: tilbudet vart starta opp sommar 2019 med tilskotsmidlar frå Helsedirektoratet, saman med eigendel for kommunen. Vi gir gjennom dette dagtilbod for menneske med rusutfordringar i Osterøy, med særst positiv effekt. Oppfølging må dermed gjerast av tilsette i tenesta, som per i dag ikkje har kapasitet til dette.

Sal av psykologtenester til andre kommunar, effekt 2020: 50 000

Konsekvens: Psykologen som er tilknytta eininga avlastar tenesta med ca 100 brukarar i løpet av året. Mindre ressurs lokalt gir redusert tilbod til kommunen sine brukarar.

Samanslåing av bufellesskapa gir innsparing i adm kostnader, effekt 2020: 45 000

Økonomiplan 2020-2023

Sektoren er i vekst og vil i økonomiplanperioden få fleire brukarar, spesielt i dei yngre årskulla. Tal personar med utviklingshemming, ruslidingar, sosialhjelpsmottakarar og psykiske lidningar aukar for kvart år i økonomiplanperioden. Spesialisthelsetenesta overfører fleire oppgåver til kommunen, i tråd med retningsliner frå stat. For eldre er det ei mindre auke i tal eldre i perioden. Utfordringane i Osterøy kommune sin økonomi gjer at vi ikkje klarer å utvikle tenestene i takt med desse forventningane.

I økonomiplanperioden kan det difor verte behov for auka ressursar på tenestene forklart under. Dette er kostnader som då vil komma i tillegg til det som ligg i kostnadsramma for sektoren allereie.

Må vurdere avsetning av opplæringsmidlar for sektoren, skal gjennom større omstillingar i heile sektoren i perioden.

Ved større prosjekt, som Omsorg+, vil det vere nødvendig med ressursar til å drive prosjekta. Dette kan delvis løysast ved å inkludere prosjektleiing i investeringsbudsjettet for det enkelte prosjekt.

400 Felles HOS

Lisensar for velferdsteknologi og andre større program kan verte kr. 50 000 -100 000 høgere kvart år i økonomiplanperioden.

410 Helsetenester:

Forvaltning: 50% auka stilling, for å opprette koordinerande eining, og gjere vedtak for psykisk helse og rus kan gi auka kostnader på kr. 375 000 frå 2021.

Ergo- /fysioterapi tenesta: grunna auke i tal brukarar er det eit behov for auka ressurs innan ergoterapi frå 2022 kr. 750 000

Legetenester: Det er behov for auka fastlegeressurs på Osterøy, i tillegg til utviding av legeteneste frå 2022 med kr. 800 000.

Støttekontakt; har i dag lange ventelister, ønskje om å harmonisere løn for alle oppdragstakarar i OK som kan gi auka årlege kostnader på kr. 50 000-100 000 frå 2021.

Omsorgsstønad; pårørende som vil stille opp for sine er ein stor ressurs som vi i dag ikkje ivaretar godt nok og som kan gi auka årlege kostnader på kr. 50 000-100 000 frå 2021.

430 NAV Sosial:

NAV Osterøy opplever som resten av landet ei markant auke i vedtaksmengde. Med stramme rammer må vi prioritere vedtaksskriving framfor oppfølging. Dette betyr langvarig sosialhjelpsutgifter og ikkje ressursar til å følgje opp lovpålagt aktivitetsplikt. Med auka kapasitet og tilnærming til snitt bemanning tilsvarande andre kommunar vil kostnadene auke årleg med kr. 350 000 til kr. 750 000 frå 2021.

501 Osterøytunet:

Kan bli nødvendig å auke kapasiteten igjen i påvente av Omsorg+ og dette kan gi kr. 3 000 000 i auka kostnader frå 2021.

502 Heimetenesta:

Jamfør demografisk utvikling med auke i tal eldre vil det vere naudsynt å auke bemanninga kvart år i økonomiplanperioden med årleg kr. 500 000,- frå 2021.

Det vil og verte behov for utviding av kapasitet dagtilbod demens grunna auke i tal på brukarar og dette kan gi auka kostnader frå 2020 på kr. 750 000.

503 Psykisk helse og rusomsorg: Her vil det verte behov med kompetanseheving samt auke i bemanning i tenester til menneske med psykiske- og ruslidingar med årleg kr. 2 000 000 frå 2021.

504 Bu- og avlastingstenesta

Etablere dagtilbod i eigen regi kr. årleg 500 000 i økonomiplanperioden.

Anten bygge nytt bufellesskap eller kjøpe bustader og drifte desse frå 2023 som årleg kan gi auka kostnader på kr. 6 000 000.

3 sektor OPPVEKST, UNDERVISNING OG KULTUR samla

Einingar	Revidert budsjett 2019	Framskrivning 2020	Innsparing /tiltak i kr	Budsjett 2020	%-vis innsparing
32 – 37 Grunnskulen	95 760 000	104 000 000	1 800 000	102 200 000	1,7 %
40 Kulturskulen	2 529 000	2 880 000	120 000	2 760 000	4,2 %
41 Osterøy integrering og læring	2 441 000	3 700 000	1 100 000	2 600 000	30,0 %
42 Biblioteket	3 383 000	3 603 000	143 000	3 460 000	4,0 %
Kultur	15 000	15 000	0	15 000	
45 – 50 Barnehagane barnehage	67 478 000	71 300 000	2 450 000	68 850 000	3,4 %
51 Familiens hus	26 908 000	31 300 000	650 000	30 650 000	2.1 %
3 Sektor Oppvekst, undervisning og kultur samla	198 500 000	216 800 000	6 263 000	210 535 000	2,8 %

Dei viktigaste endringane i budsjett frå 2019 til 2020 med konsekvensar:

Framskrivning av drifta i sektoren i 2020 er utrekna til 215 500 000. Dette utgjer ca 17 mill meir enn det sektoren har hatt i budsjett for 2019.

Mesteparten av denne auken skuldast to store reformer innan barnehage og skule, ny norm om bemanning i barnehagane og ny norm om lærartettleik. Heilårsverknad er no tatt med i budsjetta. 1,5 mill er auke i nye stillingar innan barnevernet.

2,0 mill er auke av nye plasseringar av barn i barnevernet.

3 mill er generell løns- og prisstigning i forhold til revidert budsjett 2019 og ca. 2 mill auke i pensjonskostnader. Øyremarka tilskot til styrking av lærartettleik i 1-4 trinn på barneskulane fell ut i 2020, men rammeoverføringane til kommunen er styrka med 1.369 mill. Denne styrkinga kan ikkje sektoren kutta i.

Kostra:

Barnevernet har låge driftsutgifter på tenesta i høve til antall barn i kommunen i alderen 0-22 år. Men saksbehandlarane har mange saker (barn med undersøking eller tiltak) pr årsverk.

Barnehagane i Osterøy kommune har framleis ei kostnadseffektiv drift. Men kommunen har ein låg andel av barn i barnehage, spesielt i alderen 1-2 år.

Våre barnehagar har høg andel born pr årsverk (gjeld både private og kommunale). Låg andel minoritetsspråklege barn i barnehage.

Våre **grunnskular** ligg høgt på antall timer pr.elev med særskilt norskopplæring. Osterøy ligg og høgt på antall timer pr.elev med spesialundervisning, men andel elevar med spesialundervisning er lågt. Dette er ei ønska utvikling. Vi ynskjer at flest mogeleg elevar skal få tilpassa opplæring så tidleg som mogeleg for å førebygge at dei må ha spesialundervisning. Konsekvensen av denne utviklinga er at vi må ligge høgt på timar til tidleg innsats. Dersom vi reduserer på tidleg innsats, vil behovet for spesialundervisning snart stige opp igjen.

Vi ser etter kvart tydelege resultat av satsinga på tidleg innsas. Osterøy ligg høgt på grunnskulepoeng; både over vår kostragruppe og landet elles. Grunnskulepoeng er ein samla poengsum rekna ut frå alle standpunkt- og eksamenskarakterane på vitnemålet, og dannar grunnlag for opptak til vidaregåande skule.

Driftsutgifter pr elev er litt høge, spesielt på grunnskule.

Innsparingar i budsjett for 2020 med konsekvensar.

Kommunen sine prioriteringar for budsjettarbeidet er:

- 1. Førebygging**
- 2. Tidleg innsats**
- 3. Optimalisering av drift.**

Optimalisering av drift må ein ha eit kontinuerleg fokus på. Men like viktig er førebygging og tidleg innsats innan oppvekstsektoren. Fordi at alle barn og unge i Osterøy bør få ein så god og tidleg reise som mogleg med mellom anna tanke på livsmeistring og livslang læring.

Når budsjettet må reduserast med over 10 millionar kroner, så vert det konflikt med måla om førebygging og tidleg innsats. I tillegg kan dei ulike kutta føra til brot på mellom anna ulike lovfesta bemanningsnormer og lovregulerte fristar for å undersøkje mellom anna bekymringsmeldingar i barnevernet.

Ein annan utfordring for oppvekstsektoren er den nye kommundelplanen for Oppvekst, som Heradsstyret vedtok så seint som 25.09.19. Den vedtekne handlingsdelen har om lag 80 ulike tiltak som skal utførast i planperioden 2019 – 2023. For 2020 er målsetjinga at om lag 25 tiltak/ handlingar skal gjennomførast.

Det vil vera uhyre krevjande å få dette til når sektoren vert tappa for både mannskap og lønsressursar.

Konsekvensen for dei ulike innsparingstiltaka er skildra under dei ulike tenesteområda. Det er spesielt kutta innan barnehageområdet som vil vera vanskeleg å få realisert.

Dersom ramma vert utvida:

Vedtak i heradsstyret 25.09.19 under handsaminga av handlingsdelen til kommundelplanen for oppvekst:

«Oppretta kultur- og fritidskontor med ungdomsordinator i 2020». Tanken her har vore å overføra frivilligkoordinator til dette nye kontoret. I samband med vakanse i denne stillinga, så er det no mogleg å rekruttera ein kultur- og ungdomsordinator. Nye opplysninger etter heradsstyremøte: I budsjettbehandlinga vedtok heradsstyret å tilsetje en ungdomsordinator i 50 % stilling. Stillinga skal finansieres innenfor tildelt budsjetttramme.

32 - 37 eining Grunnskulen

Ansvar	Revidert budsjett 2019	Framskrivning 2020	Innsparing /tiltak i kr	Budsjett 2020	%-vis innsparing
Grunnskule	95 760 000	104 000 000	1 780 000	102 200 000	1,7 %

Viktigaste endringar i framskrivinga:

Reell framskrivning er på 104 mill (justeringar etter budsjettsdagen). Auka skyss inkl mva 0,7 mill. Redusert inntekt gjesteelevar 1,7mill (blir delvis kompensert med nedgang i lønnskostnader men berre delvis)

Bortfall av styrkingsmidler/lærartettleik som går inn i ramme 2mill. Elles er det ei auke i lønnskostnader på lærarstillingar, som er ein kombinasjon av auka lønn og antall årsverk.

Statsbudsjettet:

Bortfall av styrkingsmidlar på 2 mill. Statsbudsjettet syner no at det er lagt inn 1,369 mill til auka lærartettleik i rammetilskotet.

Innsparingar:

Tiltak:	2020	2021 - heilårsverknad	Konsekvensar:
4 lærarårsverk	1,250 mill hausthalvåret	3,000 mill - heilårsverknad	Færre delingstimar som fører til mindre styrking til tidleg innsats og tilpassa opplæring for 1.-4.trinn. Redusert lærartettleik i 1.-10.trinn. Redusert læringsutbytte. Auke i klage til fylkesmannen i høve skulemiljø og spesialundervisning.
Skyss	0,5 mill	0,5 mill	Innstramming på organisering av skyss og skyssvedtak

Med desse tiltaka kjem vi opp i ein heilårsverknad på 3,5 mill. Effekt i årsbudsjettet vil verta 1.75 mill.

Budsjett 2020 Osterøy Kommune

Dersom vi skal ta alle innsparingane på 2020-budsjettet må vi redusere med 10 årsverk frå hausten 2020.

Det vil rasere drifta og vi vil ikkje kunne tilfredstille kravet om lærartettleik for 1.-10.trinn og tidleg innsats og tilpassa opplæring for 1.-4.trinn.

Tidleg innsats til 1.-4.trinn er lagt inn i rammene. Tidleg innsats og tilpassa opplæring for 1.-4.trinn er ein lovfesta rett elevane har, spesielt knytt til faga norsk og matematikk, jf.Oppl.l. § 1-3, sist endra 01.08.2016.

I tillegg har vi lærarnormen, som er 15 elevar i ordinær undervisning for 1.-4.trinn og 20 elevar for 5.-10.trinn.

Fagfornynginga i grunnskulen som vert iverksatt frå 01.08.20 er ei stor reform som krev store omstillingar i skuleverket. Det krev auka kompetanse til dei tilsette. Nye måtar å organisere undervisninga på. Meir praktiskretta undervisning som krev anna undervisningsutstyr enn i dag og digitalisering av opplæringa som krev nye digitale verktøy. Alle desse krava vert ikkje mogeleg å gjennomføre innfor dei rammene som skulane har i dag.

40 eining Kulturskulen

Ansvar	Revidert budsjett 2019	Framskrivning 2020	Innsparing /tiltak i kr	Budsjett 2020	%-vis innsparving
40 Kulturskulen	2 529 000	2 880 000	120 000	2 760 000	4,2 %

I framskrivinga ligg det generelle justeringar i løns og pensjonkostander med utgangspunkt i stillingstorleikane pr. 1.8.2019.

Dei viktigaste endringane i budsjett frå 2019 til 2020

Kulturskulen har inneverande skuleår oppjustert nokre stillingar for å nå nye brukargrupper: Teaterleik for dei minste, folkemusikktilbod i SFO, og songprosjekt i barnehagane. Tilsaman 25%. Dette vert delvis kompensert med auka inntekter. Me jobbar og med å få på plass ein musikkgruppe for psykisk utviklingshemma i løpet av 2020 innanfor dei økonomiske rammene me har i dag.

4,2 % kutt vert tatt gjennom:

Auka inntekter:

- Ta vekk rabatt for familiar som har elevar på fleire fag, samt fjerne rabatt for dei som er medlem av lag kr 24 000
- 3% auke i brukarbetaling kr 30 000
- Oppjustera forventa inntekt på oppdrag kr 60 000

Budsjett 2020 Osterøy Kommune

Redusere utgifter:Kutte på drift	kr 6 000
Samla kutt:	kr 120 000

Framlegg til budsjett vil ha slike konsekvensar for drifta:

Ved å auka brukarbetaling og å redusera rabattar, vil kulturskulen bli mindre tilgjengeleg for nokre av brukarane våre.

Me er framleis blant dei dyraste kulturskulane i landet, men differansen er ikkje fullt så høg i dag fordi satsen har vore fryst frå 2014. Me vil risikera lågare oppslutning frå neste skuleår.

Grunnen til at ein ikkje ønskjer å kutte i stillingar er at me ikkje vil miste viktig kompetanse for framtidens kulturskule. Den kompetansen me har no, gir oss handlingsrom til å budjettera med med auka inntekter gjennom DKS prosjekt og andre støtteordningar for arbeid med ulike brukargrupper.

Driftbudsjettet er for det meste låst til faste utgifter. Det vert då lite rom for innkjøp og vedlikehald av utstyr

Ytterlegare kutt:

Å ta vekk ekstralønn vil seia at det ikkje vert arrangert UKM i 2020. Me må og kutte i planane og kvaliteten for musikalen i 2020. Me ønskjer å involvera barneskulane både som publikum og som deltakarar gjennom workshops på skulane i forkant av musikalen. Det vil det no ikkje vera rom for.

41 eining Osterøy integrerings- og læringscenter (OIL)

Ansvar	Revidert budsjett 2019	Framskrivning 2020	Innsparing /tiltak i kr	Budsjett 2020	%-vis framskrivning
41 Osterøy integrering— og læringscenter	2 441 000	3 700 000	1 100 000	2 600 000	30 %

I framskrivinga ligg det at busettinga for 2019 blir fullført i tråd med IMDIs anmodning og heradsstyret sitt vedtak. Det er ikkje lagt inn ny busetting av flyktningar i 2020 då det ikkje er moteke anmodning/gjort behandling av dette i heradsstyret. Det er heller ikkje lagt inn ekstra inntekter i form av ekstra tilskot på personnivå, då disse tilskota ofte fører med seg tilsvarande auka utgifter.

Elles er det lagt inn aktivitet på inneværande års nivå, men med pedagogiske og organisatoriske endringar i klasseromma for å kunne gjennomføre kutt i bemanning på ein forsvarleg måte.

Budsjett 2020 Osterøy Kommune

Budsjettet til OIL er i hovudsak basert på statlege persontilskot, og berre ein liten del av vårt budsjett vert dekkja av kommunen. Det er viktig å heile tida ha fokus på å justere drift i tråd med tilskota ein mottek, og vite kva deler av drifta som skal dekkast av kommunen og kva som skal dekkast av statlege tilskot.

Utfordringane med OIL si drift og budsjett er at det vi har eit stort arbeidsområde å dekke sett i forhold til vår storleik (integrering, norsk, grunnskule for vaksne, habilitering og rehabilitering). Hovudregelen er endringar i kva område som krev mest ressursar frå halvår til halvår.

Dei viktigaste endringane i budsjett frå 2019 til 2020

Nedbemanning i norskundervisninga for framandspråklege vaksne. Dette er eige tilbod med eigne tilskot som omfattar både familiesameinte (med norske og utanlandske) og flyktningar. Her må drifta ytterligare justerast ned for at tilskotet kommunen mottek, skal dekke utgiftene. Dette er tiltak det må vere tilnærma heilårseffekt av.

Integreringsdelen av drifta ser òg på nedbemanning i løpet av året. Dei store kulla Osterøy kommune busette i 2015 - 2017, startar no å nærme seg 5 års frist for busetnad. Dei er då ikkje lenger ein del av personkretsen til veilederkorpset til OIL, og det vert då frigjort arbeidskapasitet her frå august 20.

Framlegg til budsjett vil ha slike konsekvensar for drifta:

Nedbemanning etter følgjande plan:

Reduksjon i overføring til vaktmeistertenesta frå 40 % til 20 % av eit årsverk. Tilsvare 125 000.

Reduksjon i undervisningsressursar frå februar/mars 2020: 1 årsverk, knytta til undervisning primært på norsk, noko på integrering. Tilsvare 600 000.

Reduksjon i rettleiarressurs på integrering frå 01.08.20, 75 % av ei stilling. Må vurderast på nytt i telling av personkrets i løpet av våren. Tilsvare 400 000.

Nedtrekket er på 30 %.

42 eining Biblioteket

Ansvar	Revidert budsjett 2019	Framskrivning 2020	Innsparing /tiltak i kr	Budsjett 2020	%-vis innsparing
Biblioteket samla	3 383 000	3 603 000	143 000	3 460 000	4 %

Budsjett 2020 Osterøy Kommune

Årsverk blir redusert frå 3,38 tilbake til tidligare nivå 2,98 frå juli. Auken har vore finansiert utanfrå.

Faste utgifter, leige, straum avgifter er auka etter å ha vore underbudsjettet fleire år.

Reduksjon i utgifter er fordelt på følgande vis

	post	budsjett	kutt	nytt budsjett
kompetanseutvikling	1500 opplæring kursutgifter	22800	-12000	10800
innkjøp	11000 kontormateriell	60900	-29900	31000
	12000 inventar og utstyr	49600	-24600	25000
arrangement	11200 Anna forbruksmateriell	82000	-37000	45000
medieinnkjøp	12002 kjøp av media	300000	-40000	260000
sum		515300	-143500	326800

Dei viktigaste endringane i budsjett frå 2019 til 2020:

Bussbibliotekar 100% finansiert av midler frå Udir blir redusert til normal 50% frå juli.

4 % kutt blir tatt på fleksible utgifter knytta til utvikling og fornying.

Framlegg til budsjett vil ha slike konsekvensar for drifta: Lite rom for kurs og kompetanseutvikling utover det etablerte og 'obligatoriske'. Ingen egne midler til arrangement utanom faste skulearrangement. Midler til fornying av boksamlinga redusert med 13 %.

Sett overordna er det handlingsrommet og bredden i bibliotekstilbudet som blir mindre på det nye budsjettet.

45 - 50 eining Barnehagane

Ansvar	Revidert budsjett 2019	Framskrivning 2020	Innsparing /tiltak i kr	Budsjett 2020	%-vis innsparing
Barnehage	67 478 000	71 300 000	2 450 000	68 850 000	3,4 %

Årsak til auke i framskriving.

Heilårsverknad av ny bemanningsnorm og godt lønnsoppgjer for pedagogisk personale gjev betydeleg auke i i lønnskostnadane til dei kommunale barnehagane.

- Auke i foreldrebetaling jfr. statlege føringar
- Tal barnehageplassar per 1. august 2019 er vidareført - gjeldande bemanningsnorm og pedagognorm er lagt inn.
- Ingen auke i tal barnehageplassar
- Tal barnehageplassar i andre kommunar er vidareført

Innsparingar - endringar frå budsjett 2019 til 2020:

Tiltak	2020	Konsekvensar
Styrka barnehagetiltak lov om bhg. §19 a og 19g er redusert	1.1 mill.	Reduksjon i styrka barnehagetiltak vil medføre at tilbud til barn med særlege behov vil bli redusert – samstundes er lovkravet der jfr. barnehagelova §§19 a og 19g. - og barnehageeigar sitt ansvar for ei tilstrekkeleg bemanning. Tidleg innsats er gjennomgripande for sektoren. Tidleg innsats er å sjå barna, iverksette tiltak når det er naudsynt - og for å ivareta dette må det vere nok personale.
Vikarbudsjett for 2019 er vidareført - ingen auke. Overtidsgodtgjersle er redusert/ reduksjon i personalmøte.	0.2 mill.	Ingen auke i vikarbudsjett vil medføre ein reell nedgang i bemanning ved barnehagane, det betyr vikarstopp i delar av drifta og er svært negativt fordi vi allereie har eit etterslep i høve bemanningsnorm. Personalet arbeider 7.5 time dag og barna oppheld seg i barnehagen inntil 9.5 time dag. Reduksjon i overtidsgodtgjersle og mindre tid til planlegging og samarbeid vil gå ut over kvaliteten i barnehagen og vanskar med å oppfylle lovkrav i rammeplan for barnehagen.
Reduksjon i tal på barnehageplassar	1.1 mill.	Vi legg inn ein reduksjon i tilskot til private barnehagar fordi dei private barnehagane har redusert inntaket av barn pga bemanningsnorm og pedagognorm. Desse barna er tatt inn i dei kommunale barnehagane.

51 eining Familiens hus

Ansvar	Revidert budsjett 2019	Framskrivning 2020	Innsparing /tiltak i kr	Budsjett 2020	%-vis innsparing
Famliens hus samla	26 908 000	31 300 000	650 000	30 650 000	2,1 %

Prognosen for 2019 er på ca 31 mill. Framskrivning for 2020 er kun ei vidareføring av dagens drift. Auka utgifter til merkantil ressurs i nytt bygg, styrking av barneverntenesta, auka utgifter til barnevernstiltak (spesielt plasserte born) og lønsauke er årsak til auka driftutgifter.

Økonomiplanen presiserer at tidleg innsats og førebygging skal være førande for drift. Spesielt psykisk helse vert framheva, og universelle tiltak og fokus på avdekking av vald/overgrep vert definert som sentralt.

To områder blir omhandla spesifikt i høve Familiens hus:

- Fylkesmannen (Fylkeslegen) har peika på i møte med kommunen at det kan sjå ut som at barneverntenesta har for liten kapasitet (årsverk). Dette vert underbygga både av samanlikningstal med Bergensregionen og høgt sjukefråvær i tenesta. Dette er gjennomført i 2019.
- Innan psykisk helse for barn og unge ser ein eit veksande behov for styrking. Det er naturleg at kommunen står opp om staten si satsing på helsesjukepleiara – spesielt innan skulehelsetenesta.

Vidare omhandlast det i planen område kor det blir vurdert at kostnadane vil auke i framtida dersom ein ikkje tek grep i dag. Her visast eksempelvis til auke i antall born med spesialundervisning. PPT vil være ein viktig aktør for å hindre dette. Også tidleg innsats ifht borns psykiske helse er eit område som må sjåast i dette perspektivet.

Framlegg til budsjett vil ha slike konsekvensar for drifta:

- Kutt barnevernstiltak utanfor familien, kr. 400.000,-. Det er ein viktig verdi i Osterøy barnevernteneste at plasserte born skal ha gode omsorgsrammar for å hindre utilsikta flyttingar. Denne verdien opplever barneverntenesta at dei delar med både administrativ og politisk ledelse. Slik den økonomiske situasjonen ser ut no kan kutt her være naudsynt. Dette vil kunne gje sårbare born eit tilbod med lågare kvalitet.
- Økte inntekter barnevern: kr. 200.000,-. Økt refusjon frå staten. Dette er ei usikker budsjettering, men kan være mogeleg å oppnå.

- Kutt Familiens hus generelt: kr. 50.000,-. Dette er kutt av all ekstra lønnskostnad/overtidsbudsjett i Familiens hus. Det vil sei at tenestene ikkje kan halde kurs på ettermiddagstid, som er eit sterkt ønske frå brukarane. Vidare vil eksempelvis barneverntenesta ha perioder med pålagt overtid i akuttsituasjoner, slik at her er det fare for underbudsjettering.

Øvrige kutt:

Om Familiens hus skal kutte ytterligare for å oppnå 5% reduksjon i utgifter vil det være naudsynt å setje fleire stillingar vakant eller seie opp tilsette. Dette vil gje alvorlig reduksjon i tenestetilbodet, og tidleg innsats vil måtte nedprioriterast.

- Kutt i barneverntenesta vil gjere at det blir naudsynt å setje ei stilling vakant. Dette er ei teneste med stort arbeidspress og som nylig har opplevd at kommunen har styrka dei. Eit direkte nedtrekk neste budsjettperiode vil ha svært negative konsekvenser både for arbeidsmiljø og kvalitet i tenesta.
- Kutt i PPT vil gje eit redusert tilbod til skular og barnehagar, og stor fare for økte utgifter til spesialundervisning.
- Kutt i Barn og Familieteamet vil gjere at born og familiar som har behov for hjelp av lavterskeltilbodet må avvisast, og det vil være fare for at dei utviklar meir omfattande vanskar som både vil være kostnadkrevjande å avhjelpa og som vil påføre dei menneskelege lidingar. Andre eksemplar på tilbod som då må reduserast er dei nye kurstillboda som Barn og Familieteamet tilbyr for foreldre.
- Kutt i helsestasjon vil gje færre helsesjukepleiarar på skulane.
- I tillegg vil fleire områder som det er politisk bestemt at skal gjennomførast i den nye oppvekstplanen ikkje kunne realiserast.

Økonomiplanperioden 2020 - 2023

Grunnskule

I økonomiplanperioden skal grunnskulen gjennomføre store og omfattande endringar. Fagfornyinga som regjeringa har nytta 3 skuleår til å førebu, vert iverksett frå 01.08.20. Fagfornyinga stiller krav til ny kompetanse i skulen, endra undervisningsmetodar, nye læremiddel, nytt innhald i fagplanane, nye krav til organisering og tilrettelegging av undervisning som igjen stiller krav til utforming av skulebygga.

Utdanningsdirektoratet har gitt klare retningsliner for kva skuleeigar har ansvaret for:

- Skuleeigar har ansvar for at elevane får opplæring som er i tråd med læreplanverket.

Budsjett 2020 Osterøy Kommune

- At skulane har riktig kompetanse.
- Skuleeigar skal stille nødvendige ressursar til disposisjon og sørge for rammebetingelsar som gir skulane høve til å sette seg inn i og ta læreplanverket i bruk på ein god måte.
- Skoleeigarane har ansvar for å støtte, utvikle og styrke profesjonsfelleskapa i og på tvers av skolane.

Kompetansekrav

Siste GSI-rapportering, avslutta 15.10.19, syner at Osterøy kommune framleis ikkje har nok lærarar som tilfredsstillar kompetansekrava i norsk, engelsk og matematikk både på ungdomstrinnet og barnetrinnet. Skuleeigar har frist til 2025 med å bygge opp riktig kompetanse ved skulane. Vi må derfor legge til rette for meir vidareutdanning i desse faga.

Ny kompetanse – Programmering kjem inn i fylgjande fagplanar: matematikk, naturfag, musikk og kunst og handverk. Dette er obligatorisk og dei fleste lærarane manglar kompetanse på dette området. Skuleeigar må saman med rektorane og dei tillitsvalde lage ein strategi for korleis ein kan løyse desse utfordringane. Ein må ha ressursar til kompetanseutvikling.

Vi kan søke om statlege midlar til kompetanseutvikling. Dei ulike tilskuddsordningane krev ein eigeninnsats frå 30 - 70%.

Kostnad, eigenandel: Kr. 500 000 pr. år i økonomiplanperioden

Undervisningsutstyr og undervisningsmetodar

Teknologi og algoritmisk tenking er relevant i alle fag. Det krev at skulane har nok teknologisk utstyr både til elevar og lærarar. Det er ikkje nok med datamaskiner, skulane må og ha utstyr til programmering. Lærarane må tileigne seg ny kompetanse til å nytte dette utstyret i undervisninga på ein god måte. Algoritmisk tenking, er ei problemløysingsmetode, som ikkje har vore nytta så mykje i undervisninga. Med nye undervisningsverktøy, må ein også nytte nye undervisningsmetodar. Investering i teknologisk utstyr til alle elevane og dei tilsette som jobbar i skulen vert viktig i denne perioden.

Kommunen kan søke om ressursar til digitale læremidlar. Eigenandelen er 70% av den totale kostnaden. For å få slike midlar, er det eit krav at vi har ein forpliktande plan både for investering og kompetanseheving i bruken av digitale læremidlar i alle fag.

Kostnad: Kr. 1,5 mill pr. år i økonomiplanperioden.

Skulebygg

Osterøy kommune har gamle skulebygg som ikkje tilfredsstillar krava til nye undervisningsmetodar. Alle elevane skal ha tilgang til skulebibliotek, jf opplæringslova § 9-2. Osterøy kommune må legge til rette for at alle skulane får eit tenleg skulebibliotek.

Kunst- og handverksfaget skal verta meir praktisk rette. Læreplanen uttrykkjer ei dreining tilbake til verkstaden og eit ynskje om meir praktisk arbeid med ulike materiale. Vi må tilbake til den gamle sløydsalen som ikkje lenger er tilgjengeleg i alle skulebygg.

Kroppsøvfaget har ikkje tilfredsstillande vilkår for å dekke behovet for symjeopplæring. Ny symjehall må prioriterast i økonomiplanperioden.

Osterøy ungdomsskule treng utviding og omfattande rehabilitering. Symjehall kan sjåast i samanheng med utbetring av Osterøy ungdomsskule.

Valestrand skule har ei midlertidig ordning med paviljong. Det er ikkje ei tilfredsstillande løysing.

Haus skule skule treng opprusting

Kulturskulen:

Kulturskulen er no rigga til å gje tilbud til dei som søker om plass.

I den nasjonale rammeplanen til kulturskulen ligg det føringar for å gjera kulturskulen til eit kulturelt ressursenter i kommunen. I grunnprogrammet er det eit mål å nå ut til ulike brukargrupper utover dei som melder seg på ordnær kulturskuleundervisning. Me har dei siste to åra knytta til oss medarbeidarar med kompetanse og erfaring med musikkundervisning for brukarar med spesielle behov (musikkterapi) .

Dette er kompetanse som er nyttig i samband med gjennomføring av den nye oppvekstplanen, der mangfold og inkludering er viktige stikkord. Kulturskulen ønsker å bidra med vår kompetanse i samarbeid med andre einingar for å betre livskvaliteten til sårbare grupper. Kulturskulen rår til ei auka satsing innanfor dette feltet i planperioden.

Osterøy integrerings- og læringscenter:

Den største utfordringa for OIL er mangel på mulighet til å planlegge. Tidshorisonten er særst kort, maks eit år om gangen. Det er heilt takka vere at dei tilsette makter å stå i utryggleiken på om jobben eksisterer om eit år, at vi klarer å bruke mykje tid og energi til heilt nødvendig utviklingsarbeid. Det har medført at vi stadig forbetrer resultatane våre. For perioden 2020 – 2023 handlar det om å fortsette å tørre å tru på oss sjølve til å forbetre dei statistiske resultatane våre; det er den beste vegen til ein stabil og forutsigbar økonomi.

OIL ønsker i framtida å gjere ein betre kvalifiseringsjobb av personar som er gifte med norske statsborgarar; dvs personar som kun utløyser norsktilskot. Dette i tråd med prinsippet om tidlig innsats. Slik den økonomiske staa i kommunen er no, er dette ikkje mogeleg.

Biblioteket:

Skal ein ta utgangspunkt i tendensen frå dei siste åra, må utvikling av biblioteksdrifta skje med ressursar utanifrå. For å få handlingsrom må ein basera seg på tilskot og samarbeid med frivillige.

Tilskot kjem til prosjekt, gjerne på årsbasis.

Barnehage:

Utbygging av nye barnehageplassar

I økonomiplanperioden vil befolkningsutvikling i Osterøy kommune vere ein viktig indikator for utbygging av barnehageplassar.

Rådmannen vil ta stilling til dette når befolkningsprognose er endeleg klar seinare i vinter.

Valestrand barnehage er rusta opp – men det er krevjande å få ei endeleg godkjenning jfr. krav frå Miljøretta helsevern. Barnehagen har ikkje eit framtidsretta bygg som er tjenleg for barn og personale.

Samstundes er Valestrandområdet sårbart fordi det er ingen ledig kapasitet på barnehageplassar. Formannskapet har gjort vedtak om plassering av ny barnehage i valestrandsområdet til erstatning av noverande.

Mjøsdaalen barnehage har ingen godkjenning jfr. Miljøretta helsevern. Her avventar sektoren endeleg avklaring av det gamle skulebygget i Hosanger.

Dei andre barnehagebygga vil i perioden ha behov for vedlikehald/opprusting/rehabilitering.

I perioden bør det og avklarast plassering av ny barnehage i Lonevågsområdet, jfr arbeidet med ny områdeplan for Lonevåg.

Inventar /utstyr

Det begynnar å bli mykje slitasje på inventar/utstyr i ein del av barnehagebygga; krav om arbeidsplassar, fasilitetar for personalet er ein del av det.

Bemanningsnorm i barnehage

Det er viktig å forstå at noverande bemanningsnorm i barnehage er eit minstekrav.

Bemanningsnorma dekkjer 7,5 time dag og barna oppheld seg i barnehage inntil 9/9.5 time dag.

Kompetanse

Det trengs kunnskap og kompetanse for å ivareta barnehagen sitt samfunnsmandat;

«personalet sine faglege kvalifikasjonar er av vesentleg betydning for kvaliteten på barnehagetilbudet,

og for at barnehagane skal oppfylle kravene i barnehagelov og rammeplan» St.meld. 19 Tid for lek og læring.

- Gje personalet vårt tilbod om vidareutdanning
- Fleire barnehagelærarar på masternivå
- Alle barnehager utviklar sin pedagogiske praksis gjennom barnehagebasert kompetanseutvikling

Familiens hus:

Økonomiplanen presiserer at tidleg innsats og førebygging skal være førande for drift. Spesielt psykisk helse vert framheva, og universelle tiltak og fokus på avdekking av vald/overgrep vert definert som sentralt.

To områder blir omhandla spesifikt i høve Familiens hus:

- Fylkesmannen (Fylkeslegen) har peika på i møte med kommunen at det kan sjå ut som at barnevernstenesta har for liten kapasitet (årsverk). Dette vert underbygga både av samanlikningstal med Bergensregionen og høgt sjukefråvær i tenesta. Dette er gjennomført i 2019.
- Innan psykisk helse for barn og unge ser ein eit veksande behov for styrking. Det er naturleg at kommunen står opp om staten si satsing på helsesjukepleiara – spesielt innan skulehelsetenesta.

Vidare omhandlast det i planen område kor det blir vurdert at kostnadane vil auke i framtida dersom ein ikkje tek grep i dag. Her visast eksempelvis til auke i antall born med spesialundervisning. PPT vil være ein viktig aktør for å hindre dette. Også tidleg innsats ifht borns psykiske helse er eit område som må sjåast i dette perspektivet.

Ansvar 5 Samfunn og miljø

Einingar	Revidert budsjett 2019	Framskrivning 2020	Innsparing 2020 /tiltak i kr	Budsjett 2020	%-vis innsparing
Reinhold	13 366 000	13 614 000	0	13 614 000	
Frivilligkoordinator	1 626 000	1 674 000	500 000	1 174 000	17,9 %
Avd miljø/teknikk	18 023 000	20 694 000	2 074 000	18 920 000	10,0 %
Brann/redning	7 618 000	8 870 000	300 000	8 370 000	3,3 %
Teknisk forvaltning	3 760 000	3 001 000	0	3 001 000	
Plan	4 155 000	5 242 000	550 000	4 692 000	10,4 %
sum	48 549 000	53 095 000	3 500 000	49 570 000	6,6 %

Dei viktigaste endringane i budsjett frå 2019 til 2020:

2200 Reinholdstenesta

Det er små endringar i budsjettet frå 2019 til 2020. Hovudgrunnen til at det vert ei auke gjeld reinhold på Familie- og omsorgssenteret.

Det vil vere mogleg å halde fram med dagens reinhold utan kutt i frekvensar. Får me ikkje dei rammene som er framskrive, vil det gå ut over frekvensen på reinholdet, og kvaliteten vil reduserast.

2400 Frivilligkoordinator

Her ligg inne løn og driftsutgifter til frivilligkoordinator. Statstilskot for stillinga inngår i rammetilskotet for kommune frå og med 2018. I 2020 vert kr 427 000 lagt inn i ramma som særskild fordeling. 2020 er det siste året med statstilskot for tiltaket.

Stillinga vil stå vakant frå 01.01.20 og inntil vidare i høve til korleis frivilligmeldinga skal følgjast opp.

Avdeling for Miljø og Teknikk no delt i tre nye ansvarsområde i tillegg til ansvar 6302 sjølvkost. Dette er ansvar 6205 stab, ansvar 6303 veg og ansvar 6301 kommunale bygg. Det er lagt inn ei innsparing på 0,3 mill ved aktivt å arbeide for å redusere sjukefråværet og at eventuelle ledige stillingar vert halde vakant.

Stillingar er fordelt og flytta til dei ulike ansvarsområda.

Stab.

Postane til Førebygging ras - flaum og Friluftsliv (BOF) er lagt under stab.

Veg.

Posten til vedlikehald er auka med 0,25 mill som gjeld asfaltering kommunale vegar. Dette er på ingen måte tilstrekkeleg for å dekke behovet og etterslepet aukar dramatisk. Manglande asfaltering medføre problem for trafikantane samt ekstrakostnader til flikking og lapping av vegbana. Er og problem med vintervedlikehaldet som igjen går utover trafikktryggleiken.

Brøytebudsjettet er auka med 0,1 mill og det er lagt inn midlar til kontroll bruer mm.

Det er lagt inn ein reduksjon på stilling til sakshandsaming og adm oppgåver og tilsvarande auke på prosjektarbeid. Kan medføre til lenger sakshandsamingstid..

Ny traktor med div utstyr er lagt inn som investering.

Kommunale bygg

Vedlikehald er framskrive som årets budsjett. Behovet er vesentleg høgare og med dagens vedlikehald aukar etterslepet. Dei nærmaste åra er det eit stort behov til å utbedring av klimaskallet (tak, kledning, maling, vindauga). Syner til vedlikehaldsplan for dei ulike bygga.

Det er lagt inn auka kostnad til FDV på det nye Familie og Omsorgssenteret. Kommunale avgifter og gebyr får ein auke på ca 0,5 mill, på grunn av auka gebyrsatsar siste år.

Ligg inne 0,4 årsverk som bilansvarleg. Kostnad vert fordelt mellom sektorane. Auka stilling vaktmeister 0,1 mill pga reduksjon arbeid med flyktning er lagt inn.

Det er små endringar husleige og forsikring.

Det er lagt inn innsparing av energikostnader på 0,4 mill på kommunale bygg. Dette kan gjennomførast ved å ha betre manuell overvaking og styring med lys og varmeanlegg. Ein vil og investere i enøktiltak slik som nye lysarmatur mm og betalingsordning for ladestasjonar..

Dette er usikkert då energikostnaden vil variere i forhold til temperatur og pris. Halvparten av straumen er prisikra for 2020.

6302 Teknisk sjølvkost

Her viser ein til eigne tabellar for dei ulike gebyrsatsane.

Vatn

Det føreligg store investeringar i nye vassleidningar og basseng som medføre auka kapitalkostnader. Ein har i liten grad fond til disposisjon og tenesta vert i stor grad direkte finansiert av gebyra.

Tilkoplingsgebyr ingen endring.

Årsgebyr aukar med 15 %.

Avlaup

Har i liten grad fond til disposisjon.

Tilkoplingsgebyr ingen endring.

Årsgebyr ingen endring.

Feing og tilsyn

Årsgebyr auke med 10 %.

Bergen kommune utføre denne tenesta.

Slamtømming

Årsgebyr aukar med 3 %.

Renovasjon.

Gebyret vert auka med 1,0 %

6300 Brann og redningstenesta

Brann og redning har vore underbudsjettet dei siste åra, men det er vanskeleg å treffa på tala sidan mykje av drifta avheng av tal uttrykkingar og overtid. Det er lagt inn obligatorisk kursing for mannskapet. Osterøy kommune kjøpar tenester frå Bergen, og det er liten moglegheit til å kutta i desse faste utgiftene og i obligatoriske kurs.

I samband med samanslåing av 110 sentralane i Bergen og Florø som er avgjort samanslått til 1 sentral som skal ligga i Bergen og som vert 110 vest. Dette vil bety ekstra kostnader for Osterøy kommune som er ein del av dette samarbeidet. Samlokalisering brannvern, tekniske tenester og ambulanse er lagt inn med innsparing på 0,3 mill i 2020. Er potensiale for høgare innsparing i 2021. Vert i utgreia i eige sak.

6900 Teknisk forvaltning

Dei viktigaste endringane i budsjett frå 2019 til 2020:

Det er nokre endringar i stab. På kart og oppmåling har vi valt å ikkje erstatte medarbeidar som slutta. Det utgjør 40 % stilling. Grunna langtidssjukemelding er det tilsett ein vikar som landmålar. I løpet av 2019 vil det verte tilsett ein ny rådgjevar/konsulent for å dekke opp seniortiltak, reduksjon i stillingar og for å gjere tilsynsoppgåver, som det i dag ikkje er kapasitet til. 10 % av byggesaksgebyrene er avsett til tilsyn.

Nokre byggesaksgebyr er auka med 3-5 % mens andre er uendra.

Gebyrene for oppmålingsforretningar vert ikkje endra.

Framlegg til budsjettet vil ha slike konsekvensar for drifta:

Kapasiteten på eininga er generelt godt utnytta, men noko betre kapasitet på kart og oppmåling. Ved hjelp frå nytilsett, vil vi oppretthalde nivået på sakshandsaming og litt fleire oppgåver som vi ikkje gjer i dag.

6950 Plan - Folkehelse

Det er budsjettet med 3,8 stilling til plan. Vi får ny leiar for plan på plass frå 01.01.2020. Neste år skal det lagast ny planstrategi (nytt heradsstyre) og samfunnsdelen av kommuneplanen skal ferdigstillast. Det vil og være naturleg at ein tek arealdelen av kommuneplanen opp til vurdering i planstrategien. I tillegg vil Lonevågplanen bli ferdig i 2020.

Planleggarane skal produsere og vere prosessleiar for kommunale planar. For private planar skal dei vere sakshandsamar. Fokus vil være på å få korte ned planprosessane, sidan planar er «kortvare» i ei verd der rammebetingelser endrast fortare og fortare.

Planleggarane skal og delta og koordinera overordna planprosessar i andre sektorar og tverrfaglege fagområde. Planavdelinga er involvert i mange prosjekt som ikkje er konkrete planarbeid td trafikksikringsarbeid, klimatilpassingsarbeid, samfunnstryggleiksarbeid og bistand til prosjektavdelinga i høve deira arbeid. Seksjonen er auka med eitt årsverk i høve budsjett 2019 (ny leiar). Dette vil ha konsekvensar for sakshandsaminga, og vi ventar raskare sakgang og prosessar i 2020.

Områdeplanen for Lonevåg skulle vært ferdig i 2019. Vi har hatt oppseing og permisjonar på avdelinga, og dette har forsinka arbeidet med Lonevågplanen. Vi har håp om å legge fram eit planframlegg til 1. gangs handsaming i løpet av første halvår 2020. Midlane frå 2019 blir overført til 2020.

Områderegulering Lonevåg	2020
Arkeologisk utgraving (pristilbod)	utført
Marinarkeologisk undersøking(svar på førespurnad)	utført
Prosjektering : Fylkesveg	Oppstart okt 2019
Plankart - tekniske rettingar	Under arbeid.
Illustrasjonar	Ferdigstilt desember 2019
Grovprosjektering flaum/stormflo løysingar i sentrum td kanal/andre løysingar	Oppstart okt 2019

Andre kommunale planar:

Plan	2020
Områderegulering Lonevåg	Resterende sum
Samfunndelen/KS prosjekt	100.000,-
Arealdelen av kommuneplanen	50.000,-
Kulturminneplan	150.000,- (+150.000,- frå FK)

Anna

Vi har vurdert det slik at Osterøy kommune må ha stor fokus på gjennomføring av planar, både private og offentlege planar. På sikt vil kommunen få auka

Budsjett 2020 Osterøy Kommune

skatteinntekter, både frå folk som flyttar til kommunen og næringslivet som får utvikla seg.

Konsekvensane av kutt i planavdelinga vil på sikt gjere at kommunen ikkje får det grunnlaget for utvikling som trengs for å auke inntektene til kommunen. Det vil og skade omdømmet til kommunen og evt gjere at verksemder veljar å flytte ut av kommunen eller veljar å etablere seg i nabokommunane.

Næringsarbeidet til kommunen er nært knytt til utvikling av planar og eit samarbeid med Osterøy utvikling, Industrielaget og enkeltbedrifter vil være viktig framover.

Frivilligheitsmeldinga blei vedteken i 2019. I meldinga er det lagt vekt på kva tiltak som kommunen bør gjennomføre. Fokus tidligare har vært på å etablere ein frivilligheitssentral. I meldinga legg ein vekt på at frivilligheita har utvikla seg til å bli mindre organisert og at nye teknologiske løysningar gjer at behova har endra seg. Meldinga foreslår difor eit «ope hus» eller eit «frivillig hus». Fokus er på møteplassen. Vi ser at dette kan koplast til «Grunderpark»/næringsssatsing og biblioteket på Lonevåg, og gi synergieffektar, både økonomiske og faglege.

Statstilskotet til ein slik sentral er allereie ein del av rammetilskotet til kommunen og kan gå inn i denne satsinga.. Vi har ikkje lagt inn «frivillighus» i budsjettframlegget. Kostnadsoverslaget er heller ikkje komplett men ein illustrasjon på kva det vil kosta kommunen å etablere dette tilbodet.

Rådmann vil understreke at ei slik satsing og samarbeid vil bidra positivt i kommunen. Men rett organisering og oppgaveportefølje vil den vere ein viktig ressurs for kommunen i grenselandet mellom offentlege og private oppgåver.

Frivillighus	2020	
Dagleg leiar/koordinator	750 000 kr	
Oppstartkostnadar - innkjøp	300 000 kr	
Lokalar – leige + felleskostnadar	284 600 kr +20 000	
Straum + vask		
Forsikringar		
Drift webside + profilpakke + medlemsskap Norske Frivilligsentraler	4680 + 3000 + 4000	
Trykk, marknadsføring, og liknande.	60 000 kr	
Andre driftskostnadar		

Miljøtårnsertifisering av rådhuset og Familie og omsorgssenteret er lagt inn med 0,1 mill + mva. Fysiske tiltak vert finansiert av investering Enøk tiltak.

Rådmann og stab

Einingar	Revidert budsjett 2019	Framskrivning 2020	Innsparing 2020 /tiltak i kr	Budsjett 2020	%-vis innsparing
Løn og personal	5 983 000	6 287 000	320 000	5 967 000	5,1 %
Lærlingar	1 194 000	1 000 000	0	1 000 000	0,0 %
IKT	9 968 000	9 968 000	0	9 968 000	0,0 %
Service ,Info og arkiv	7 212 000	7 037 000	400 000	6 637 000	5,6 %
Poltisk-adm, sekreteriat	6 455 000	6 332 000	280 000	6 052 000	4,4 %
Økonomikontor	5 816 000	6 451 000	644 000	5 807 000	6,9 %
Rådmann-adm	4 299 000	4 027 000	540 000	3 487 000	13,4 %
sum	40 927 000	41 102 000	2 184 000	38 918 000	5,3 %

Dei viktigaste endringane i budsjett frå 2019 til 2020:

1050 Løn og personal

Mellombels auke i 50% personalressurs frå 2019 er vidareført i budsjettet 2020. Det er lagt inn lisenskostnadar til nye applikasjonar til mobil for vernerundar og avviksmeldingar. Mindreforbruk frå kostnad til personalforsikringar er omdisponert til kjøp av tenestar frå bedriftshelsetenesta med kr 50.000,-.

Framlegg til budsjett vil ha slike konsekvensar for drifta:

Hovudverneombod har søkt om auka 20% ressurs grunna auka arbeidsmengde totalt 40% frikjøp. Frikjøpet må førast vidare som i 2019.

Felles julelunsj for alle tilsette i kommuna er kutta. Einingane ute i organisasjonen må sjølv leggje til rette for eventuelle avslutningar i si eining innan sine rammar og organisasjonen vil ikkje ha felles avslutningar. Markering av tilsette som får utdelt heidersteikn for lang og tro teneste må skje i einingane.

Det er ikkje satt av midlar til vidare leiarutvikling etter mai 2020. Finansiering må skje gjennom nye eksterne tilskotsordningar. Opplæring og lisensar til testverky for teamutvikling og teamsamansetting er utsatt.

Lisens til HR chatbot som skal ytterlegare digitalisere og gjere oppslagsverk meir tilgjengeleg for tilsette innan personalområdet er utsatt.

Låge rammer til kjøp av teneste frå bedriftshelsetenesta gjev lite rom for andre HMT tiltak i einingane utover lovpålagte oppgåve. Det må løysast gjennom løn og personal sine personalressursar og sektorane sine rammar.

1051 Lærlingar

Tal lærlingar i 2019 er vidareført til 2020, delt mellom 7 ordinære lærlingar og 1 TAF lærling. Tal lærlingar blir redusert til 6 ordinære og 1 TAF frå hausten 2020.

Framlegg til budsjett vil ha slike konsekvensar for drifta:

Organisasjonen har eit lågt tal lærlingar ut frå sentrale statistikkar, folketal og KS sin satsing på lærlingar. Det er lagt inn ein reduksjon i tal lærlingar i 2020. Det betyr at 1 lærling som er ferdig hausten 2020 ikkje blir erstatta og samla tal lærlingar blir redusert til 6 ordinære og 1 TAF. Lærlingane fordeler seg i 2020 mellom 7 lærlingar i sektor helse, omsorg og sosial og 1 lærling i Oppvekst, undervisning og kultur. Med ramma i budsjettet må fleire lærlingar førast over til sektor oppvekst undervisning og kultur ved nyrekruttering.

1055 IKT-Kommunikasjon

Her er det budsjettert med vidareføring av lisensar og programvare i samsvar med vedteken Ikt strategi. Det er ikkje lagt opp til endringar ut over prisjustering av lisensar og nye lisensar i samsvar med vedteken strategi og krav til gyldige lisensar og oppdatert programvare. Framleis usikkerhet om korleis nye kommunar i IKT samarbeidet og reduksjon i antall kommuner i Nordhordaland gir utslag på kostnadene i åra framover.

1100 service, informasjon og dokumentavdeling

Organisasjonen er avhengig av at post/arkiv fungerer optimalt til ei kvar tid og med den bemanningssituasjonen vi har no er dette kravet umogeleg å stetta. Vi må difor halde fram arbeidet med å digitalisere arkivet. Flytting av arkivet frå museet til Interkommunalt arkiv eit grep som er gjennomført i 2019 for å kunne jobbe meir effektivt. Det er budsjettert med kr. 880 000,- i investeringsbudsjettet i 2020 for å flytte personarkivet. Det er budsjettert med ein innsparing på kr. 400 000,- ved at ansatt i kantina flyttes til Osterøytunet samt at Osterøytunet leverer møtemat samt seljer noko mat i kantina.

Framlegg til budsjett vil ha slike konsekvensar for drifta:

Det vil ikkje vere vera mogeleg å få på plass gode rutinar for post/arkiv dersom ein ikkje kan nytte dei same personane der heile tida og slik profesjonalisera tenesta. Slik det er no lyt dei forhalda seg til ulike system og får ikkje kontinuitet i arbeidet. (Postliste, skanning, Cos Doc, Websak og avløyning i servicekontoret). Færre vil bruke kantina og dermed mister ein viktig møteplass.

1100 Politisk-adm. sekretariat

For 2020 er budsjetttramma lågare som følgje av at det ikkje er valår. Elles ingen endringar i høve til dagens drift utover vanleg løns- og prisvekst. Avdelinga har to årsverk. Av budsjetttramma utgjer utgiftene direkte knytt til politisk verksemd og kontroll/revisjon ca. kr 4,8 mill. Det er redusert på ordfører/varaordfører lønn samt på noko på mat på møtar.

2000 Økonomikontor

Her er det budsjettert med dei stillingar vi har pr i dag dvs 5,0 årsverk. Bemanninga er knapp og ein er svært sårbar i høve sjukdom. Det er budsjettert med innsparing på kr. 200 000,- i vakante stillinger.

7000 Rådmann

Her er det budsjettert med løn til rådmann. Det er budsjettert med minimalt av driftsutgifter.

Ut over dette er det tilskot og overføringar til interkommunalt samarbeid som utgjer kostnaden.

Det er lagt inn ein innsparing på kr. 300 000,- samt ein innsparing i vankante stillinger og redusert sykefravær på kr. 240 000,- som gjeld alle avdelinger under Rådmann og Stab..

Sentrale postar

	Revidert budsjett 2019	Framskrivning 2020	Budsjett 2020	%-vis innsparing
9990 Sentrale poster	23 924 000	34 674 000	34 674 000	0

Dei viktigaste endringane i budsjett frå 2018 til 2019:

Reduksjon Kyrkja på	kr. 250 000,-
Økning mva kompensasjon	kr. 2 000 000,-
Økning Premieavvik	kr. 8 900 000,-

Investeringer

Kommentarar til investeringsplanen

Kritiske prosjekt, samt prosjekt som pågår

Valestrand skule, trafikksikring, parkeringsplass, skuleområde

Ny parkering for skulen og idrettsplass, snulomme for buss og etablering av ny av- og påstigningslomme til skulen. Prosjektet er i samarbeid med Statens vegvesen og med delfinansiering av fylkeskommunale midlar for bygging av busshaldeplass. Vert sendt ut på anbod i 2019 med bygging 2020. Omregulering pågår.

Utviding Hauge barnehage.

Utviding av eksisterande barnehage med inntil 2 nye avdelingar samt administrasjon/ personalrom. Behov og gjennomføringshorisont vert avklart etter nye folketalsprognosar er mottatt.

Ny barnehage Valestrand

Er ikkje kostnadsrekna, kun grovestimat. Grunnerverv, konsulentmidlar til regulering og prosjektering og gjennomføring. Behov og gjennomføringshorisont vert avklart etter nye folketalsprognosar er mottatt.

Flaumsikring Valestrand

Ny utløpsterskel i Valestrandsvatnet for å sikra mot flaum. Vil få tilskot 50 % frå NVE.

Investering i IKT - digitalisering / verktøy / kompetanseheving

Samleløyving IKT og digitalisering inkl. investering IKTNH. Andre døme som inngår i posten er teknologiske hjelpemiddel , velferdsteknologi og programvare.

Sjølvkostprosjekt i kommunal regi:

Ymse vatn og avlaup

Generell årleg post, akuttberedskap

Tysse Vassverk (sjølvkost)

Sluttoppgjør pågår.

Fotlandsvåg - Østre Kleppe, avløp

I samband med ny vass-og avlausledning i Byrkjelandsdalen vart det planlagt ny kommunal leidning til Østre kleppe. Dette for tilkopling av eksisterande bustader.

Haus vassverk

Sluttoppgjør pågår.

Rehabilitering av vann ledning Votlo

Som en del av opprydningsarbeidet etter rasulyken på Votlo har vi funne det tenleg å rehabiliterer kommunal vassledning i området. Dette er ein kostnad kommunen ikkje får tilskot til frå NVE.Deler av arbeidet utført 2019.

Overføringsledning Raknes –Lonevåg

Gjeld sjøleidning frå Raknes inn Lonevågen. Vidare leidning til høgdebasseng Lonevåg. Deler av leidningen er lagt i samband med va i Fugledalen. Vil kunna forsyna Lonevåg frå Fotlandsvåg vassverk. Vesentleg for å trygga vassforsyninga.

Bruvik Vassverk

Gjeld utbedring av av elveinntak.

Høydebasseng Hauge

Betre trykkforholdene og auka leveringstryggleiken.

Tiltak avlaup Tysse, Skålevik og Lekneset i Haus

Gjeld bygging av slamavskiljar Stormyra Tysse samt Skålevik og Lekneset i Haus.

Vannpumpestasjon Reigstadåsen

Ny pumpestasjon.

Rehabilitering av VA-leidningar

Årleg post for oppgradering av det eksisterande VA-nettet

Prosjekt i samarbeid med andre :

Stuttåsen - Vevleheia, vatn og avlaup

Knytt til utbyggingsavtale. Bygging av va anlegg til Hauge, jfr avtale.

Haus vassverk og avlaup, til Espevoll

Knytt til utbyggingsavtale. Pågår forhandlingar. Kommunen sin andel av prosjektet vil ikkje vere fastsatt før ein er einig med utbygger om ein utbyggingsavtale. Usikker framdrift.

Kostnadseffektivisering:

ENØK - tiltak, generelt

Årleg løyving til tiltak knytt til energiøkonomisering.

Diverse tiltak.

Investeringer som gir kostnadsreduksjon.

Samfunnsutvikling og oppretthald/utvikling av drift:

Bustadar for personar med utviklingshemming

Det er planlagt utviding av tilbodet i tråd med tidlegare heradsstyrevedtak. Nytt bufellesskap med fem plassar.

Bustadar for personar med utviklingshemming Solplassen.

Oppgradering av eksisterande bygningsmasse og nye enheter med personalbase. Arbeidet starter november 2019, planlagt ferdig februar 2021

Nytt Familiens hus m.m.

Mindre justeringar blant annet dører og solskjerming.

Omlegging veg Litland

Risiko knytt til utgliding av veg/vegskade.

Samlokalisering brannvern, tekniske tenester, ambulanse

Kjøp av eigedom på Hauge samt tilpassing og ombygging, Jfr sak 041/19
Heradsstyre.

Valestrand skule, utbygging - tilbygg – nybygg

Konsulentarbeid. Heradsstyrevedtak på utviding og rehabilitering. Mellombels drift i paviljong inntil nybygg står klart. Viktig for langsiktig utvikling og behov. Behov og gjennomføringshorisont vert avklart etter nye folketalsprognosar er mottatt.

Brannsikring kommunale bygg

Generell årleg post til brannsikringstiltak av investeringsmessig karakter.

Leikeplassutstyr barnehagar

Fellespost for utstyrsbehov i alle barnehagane av investeringsmessig karakter. Årleg løyving frå 2021.

Leikeplassutstyr skular

Fellespost for utstyrsbehov i alle skulane av investeringsmessig karakter. Årleg løyving frå 2021.

Ladestasjonar betalingsordning

Innføring av betalingsordning på offentlege ladestasjonar samt årleg løyving nye stasjonar frå 2021.

Kommunale biler

Årleg behov og løyving knytt til jamleg utskifting av bilparken, inkludert innkjøp av el-biler. Ny traktor m/ utstyr til Grønskaret i 2020.

Kjøp av eigedom/innløyving av grunn

Samleløyving til ulike tiltak av eigedomskjøp. Gjev handlingsrom for rådmannen til å løyse akutte saker som dukker opp i løpet av året. Årleg løyving.

Idrett og friluftsliv

Årleg løyving.

Utbedring kommunale bruer

Fleire kommunale bruer treng oppgradering, jfr eigen rapport. Årleg løyving.

Haus skule

Utvide parkeringsplassen, oppgradera klasserom , prosjektering for å utvide arealet

Osterøytunet

Inventar, senger, maskiner. Årleg behov for utskifting og oppgradering.

Osterøy ungdomskule, Oppstart planprosess for utviding/ombygging

Moglegheitsstudium gjennomført 2019. Førebels estimat for utviding med eller utan nytt svømmebasseng. Vidare prosjektering og avklaringar nødvendig.

Trafikksikring av kommunal veg og eigedom

Årleg løyving. Kan utløyse delfinansiering gjennom tilskotsmidlar.

Osterøy hallen

Innspel frå Osterøy aktiv. Gjeld tilbygg for å utvide garderobekapasitetetn. Ved evt bygging, bør det vurderast utbetring av tekniske anlegg som ventilasjon og lys. Behov må sjåast i samanheng, og vurderast i høvet til tiltak andre stadar i kommunen. Spelemiddeltiltak.

Nødlisaggregat rådhuset

El-arbeid på rådhuset.

Bustadar omsorg +

Bustader med heildøgns omsorg, administrasjonsbygg heimetenester, demenslandsby. Lokalisering på Hauge, gradvis utbygging etter behov fram til 2040. Basert på rapport frå Norconsult, og heradsstyrevedtak sept 2019.

Osterøytunet- kjøkken oppgradering

Behov for oppgradering.

Optimalisering av Rådhus.

Gjeld mindre arbeid i forbindelse med omrokkeringer og flytting av eininger for å optimalisere arealbruken i Rådhuset.

Personarkiv

Gjeld avlevering og ordning av personalarkiv. Avtale med Interkommunalt arkiv i Hordaland.

Akuttbustader

Flytting og oppsetning av akuttbustader.

Brannredningsutstyr.

Kjøp av nytt oppgradert røykdykkarutstyr

Fotlandsvåg skule oppgradering av skulekjøkken

Utskiftning og oppgradering av skulekjøkken med ny kjøkkeninnreieing og nye møblar.

Haus Barnehage oppgradering av oppvaskmaskiner og el arbeid.

Nye oppvaskmaskiner med nødvendig oppgradering av el-anlegg til 3 faser. Nye dører.

Lonevåg Barnehage vognskur + dører

Nytt vognskur samt oppgradering av innvendig bygningsmasse.

Haus bustad

Oppgradering av bustadmasse i Haus, for å gi rom for 4 nye plassar i bufellesskap etter samanslåing.

Bu og avlastning

Oppgradering av kjøkken Peraplassen og bad Rymhlheia.

Psykisk helse – bufellesskap, 9 plassar / 4 treningsleiligheter

Etablering av nytt tilrettelagt bufellesskap med ni plassar, fire treningsbustader i tilknytting til bufellesskapet. Dette vil kome som erstatning for bufellesskapet i Haus. Meldt inn til plan for Lonevåg sentrum.

Osterøy integrering og læringscenter nytt undervisningskjøkken

Nytt undervisningskjøkken.

Parkering Båtaleite

Utviding av eksisterande parkeringsplass Bruvikdalen

Ekom Fiber

Kommunen sin egenandel for å bygge ut fiber i kommunen.

Asfaltering av veg.

Gjeld oppgradering av veger.

Votlo rassikring

Jfr sak 056/19 heradsstyre. Sum inkl tilskot frå NVE.

Budsjett 2020 Osterøy Kommune

Investeringsoversyn

Kritiske prosjekt		2020	2021	2022	2023	sum 2020-2023
1260	Valestrand skule, trafikkisikring, parkeringsplass, skuleområde (vidareføring)	15 000				
1252	Utvidelse Hauge barnehage	0	5 000	8 000		
1302	Ny barnehage Valestrand			2 000	15 000	
	Flaumsikring Valestrand	500	4 500			
1007	Investering i IKT - digitalisering / verktøy / kompetanseheving	3 000	3 000	3 000	2 000	
		18 500	12 500	13 000	17 000	61 000
Sjølvkost						
1011	Ymse vatn og avlaup	1 000	1 000	1 000	1 000	
1121	Tysse Vassverk (sjølvkost)	250				
1200	Fotlandsvåg - Østre Kleppe, avløp	500				
1202	Haus vassverk	250				
	Rehabilitering vannledning Votlo	500				
	Overføringsledning Raknes -Lonevåg	7 000	2 000			
	Bruvik Vassverk utbedring elveinntak	900	0			
	Høydebasseng Hauge	5 000	3 000	0		
	Tiltak avlaup Tysse, Skålevik og Lekneset i Haus	1 400	2 000			
	Vannpumpestasjon Reigstadåsen	600	0			
1289	Rehabilitering av VA-leidningar	2 000	2 000	2 000	2 000	
	Sjølvkost	19 400	10 000	3 000	3 000	35 400
Prosjekt i samarbeid med andre						
1221	Stuttåsen - Vevleheia, vatn og avlaup	4 750	5 000			
1201	Haus vassverk og avlaup, til Espevoll	4 000				
	Sum prosjekt i samarbeid med andre	8 750	5 000	0	0	13 750
Kostnadseffektivisering						
1009	ENØK - tiltak, generelt	1 000	1 000	1 000	1 000	
1152	Diverse tiltak med kostnadsreduksjon i drift	1 000	1 000	1 000	1 000	
	Sum kostnadseffektivisering	2 000	2 000	2 000	2 000	8 000
Samfunnsutvikling og oppretthald/utvikling av drift						
1191	Bustadar for personar med utviklingshemming	1 000	15 000			
	Bustader for personar med utviklingshemming Solplassen	10 000	2 000			
1114	Familiens hus justeringer +stige/rømningsveg	500				
1263	Omlegging veg Litland	800				

Budsjett 2020 Osterøy Kommune

Samlokalisering brannvern, tekniske tenester, ambulanse	35 000	6 500			
1258 Valestrand skule, utbygging - tilbygg - nybygg -nytt golv gymsal	0	1 000	1 000	10 000	
1010 Brannsikring kommunale bygg	250	250	250	250	
1232 Leikeplassutstyr barnehagar	0	300	300	300	
1247 Leikeplassutstyr skular	0	300	300	300	
1218 Ladestasjonar betalingsordning	200	200	200	200	
1279 Kommunale biler	3 750	2 500	2 500	2 500	
1086 Kjøp av eigedom/innløyising av grunn	3 000	3 000	3 000	3 000	
1012 Idrett og friluftsliv	1 000	500	500	500	
1237 Utbedring kommunale bruer	800	1 000	1 000		
1275 Haus skule: uteareal inkl parkering	600				
Haus skule: oppgradering bygg el. -nye bygg		500	5 000		
Osterøytunet - investeringer	600	500	500	500	
1295 Osterøy ungdomsskule, Oppstart planprosess for utviding/ombygging		200	400	2 000	
Trafikksikring av kommunal veg og eigedom	1 000	1 000	1 000	1 000	
Osterøyhallen -nybygg garderobe			1 000	7 500	
Oppgradering utleigebustad Rundhovde		750			
Nødløysstrøm el-arbeid rådhuset	300				
Bustadar omsorg + -kommunal del	2 000	10 000	40 000	40 000	
Osterøytunet - kjøkken oppgradering	0				
Optimalisering av areal Rådhus	150	150			
Personarkiv	900				
Akuttboliger	1 500				
Brannredningsutstyr	100				
Fotlandsvåg Skule skulekjøkken	150				
Haus Barnehage oppvask -el	200				
Lonevåg Barnehage vognskur + dører	350				
Haus bustad utviding bufellesskap	950				
Bu og avlastning Prestmarka /Rymleheia Bad-kjøkken	150				
Psykisk helse - bufellesskap 9 plasser/ 4 treningsleiligheter	0	1 000	20 000		
Osterøy integrering og læringssenter nytt undervisningskjøkken	500				
Parkering Båtaleite		500			
Ekom Fiber	100	100			
Asfaltering	1 000				
Votlo rassikring	3 700				
Sum samfunnsutvikling og oppretthald/utvikling av drift	70 550	47 250	76 950	68 050	262 800
	119 200	76 750	94 950	90 050	380 950
Sjølvcost	28 150	15 000	3 000	3 000	49 150
Ordinære investeringar	91 050	61 750	91 950	87 050	331 800

Budsjett 2020 Osterøy Kommune

Økonomiplan 2020-2023	<u>2018 kr</u>	<u>Oppdatert</u>	<u>i 2020 tall</u>	<u>i 2020 tall</u>	<u>i 2020 tall</u>	<u>i 2020 tall</u>
	Rekneskap	Budsjett	Budsjett	Budsjett	Budsjett	Budsjett
Skjema 1A - drift	2018	2019	2020	2021	2022	2023
Skatt på inntekt og formue Ordinært rammetilskudd						
Delsum skatt/rammetilskot	434 967	440 900	462 200	464 500	465 500	466 700
Tilskot frå havbruksfond			12 900	750	7 000	750
Skatt på eiendom	25 490	31 045	32 238	32 238	32 238	32 238
Andre direkte eller indirekte skatter	655	600	600	600	600	600
Andre generelle statstilskudd	15 554	2 700	2 700	2 700	2 700	2 700
Sum frie disponible inntekter	476 666	475 245	510 638	500 788	508 038	502 988
Renteinntekter og utbytte	5 085	4 000	3 800	3 900	4 050	4 050
Finansinntekt	730		1 200	0	0	0
Renteutgift og anna finansutg.	12 011	14 600	14 700	16 200	18 200	20 300
Avdrag på lån	18 495	21 000	22 200	24 100	27 000	29 800
Netto finansinnt./utg.	-24 691	-31 600	-31 900	-36 400	-41 150	-46 050
Til å dekke meirforbruk frå tidl år						
Til ubundne avsetninger	0	0	0	0	0	0
Til nærings- og utviklingsfond						
Til bundne avsetninger						
Bruk av mindreforbruk frå tidl år						
Bruk av avsetjingar	250	5 514	5 525	0	0	0
Netto avsetninger	250	5 514	5 525	0	0	0
Overført til investeringsbudsjettet	0					
Til fordeling drift	452 225	449 159	484 263	464 388	466 888	456 938
Sum fordelt til drift (frå 1B)	433 218	449 159	0	0	0	0
Mer/mindreforbruk	19 007	0	484 263	464 388	466 888	456 938

Budsjett 2020 Osterøy Kommune

Økonomiplan 2020-2023 Skjema 1B (Tal i 1 000 kr)	Revidert 2019	Budsjett 2020	Budsjett 2021	Budsjett 2022	Budsjett 2023
Midlar til fordeling (frå 1A)	449 159	484 263	464 388	466 888	456 938
	0				
Rådmannen/stabsseksjonar	40 927	38 918	38 334	36 877	36 877
Oppvekst, undervisning og kultur	198 532	210 537	208 745	200 771	200 729
Helse, omsorg og sosial	188 275	213 562	216 441	207 978	207 920
Samfunnsutvikling (eks sjølvkost)	48 549	49 570	47 646	45 635	45 435
	0	0	0	0	0
Sjølvkostområda (gebyrfinansiert)	-8 600	-9 000	-9 000	-9 000	-9 000
IKTNH	5 400	5 600	5 600	5 600	5 600
	0	0	0	0	0
Sum inkl sjølvkost	473 083	509 187	507 766	487 862	487 562
	0	0	0	0	0
Sentrale postar	-23 924	-35 124	-34 624	-34 124	-33 624
Lønsreserve	0	10 200	10 200	10 200	10 200
Sum skjema 1B	449 159	484 263	483 342	463 938	464 138
	0	0	0	0	0
Meir-/mindreforbruk	0	0	-18 954	2 950	-7 200
	0	0	0	0	0
Sektorane inkl lønsreserve	476 283	522 787	521 366	501 462	501 162
	5,5 %				
Sektorane eks lønsreserve	476 283	512 587	511 166	491 262	490 962
	0	0	0	0	0
Sentrale postar:					
Kyrkja	-5 400	-4 700	-4 700	-4 700	-4 700
Mva-komp	15 400	17 000	17 000	17 000	17 000
Pr.avvik	14 600	23 500	23 000	22 500	22 000
Div	-676	-676	-676	-676	-676
	23 924	35 124	34 624	34 124	33 624